

Vågå kommune
v/kommunedirektør Jan Egil Fossmo
Edvard Storms veg 2
2680 Vågå

20.01.2021

ENDELEG TILSYNSRAPPORT

VEDTAK MED PÅLEGG OM RETTING

Skulen si aktivitetsplikt for å sikra at elevane har eit trygt og godt skulemiljø

Vågå kommune – Lalm skule

Samandrag

Tema og føremål

Vi har ført tilsyn med Vågå kommune. Temaet for tilsynet var skulen si aktivitetsplikt for å sikra at elevane har eit trygt og godt skolemiljø. Føremålet med tilsynet var å betre regelverksetterlevinga på desse områda slik at elevane i størst mogleg grad kan oppleva eit trygt og godt skolemiljø. Tilsynet har vore ein del av felles nasjonalt tilsyn 2018-2021.

Avdekka lovbro, status på rapporten og vegen vidare

Statsforvaltaren sitt tilsyn med Lalm skule sitt arbeid med aktivitetsplikta har avdekka skulen ikkje overheld regelverket på alle område, jf. kapittel 6. Statsforvaltaren har funne lovbro når det gjeld:

- Plikta til å følgja med og gripa inn, varsla, undersøkja og setja inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har et trygt og godt skolemiljø
 - Plikta til å varsla (punkt 2.4 i rapporten).
 - Plikta til å setja inn eigna tiltak (punkt 2.10 i rapporten)
- Plikta til å straks varsla, undersøkja og setja inn tiltak dersom ein som arbeider ved skulen, krenkjer ein eller fleire elevar
 - Plikta til å varsla (punkt 3.1 i rapporten).
- Plikta til å gjennomføra, evaluera og tilpassa tiltak
 - Informasjon til elevar og føresette om at dei kan melda sak til Statsforvaltaren (punkt 4.6 i rapporten).

Kommunen har motteke ein foreløpig tilsynsrapport med frist for å uttala seg om rapporten. Kommunen har ikkje hatt merknader til rapporten. Statsforvaltaren fattar med dette vedtak med pålegg om retting. Kommunen har rettefrist til **08.03.2021** for å gjere dei naudsynte endringane.

Innhald

1	Innleiing	7
1.1	Kort om kommunen	7
1.2	Om gjennomføringa av tilsynet.....	8
1.3	Avklaringar og definisjonar	8
2	Plikta til å følgja med og gripa inn, varsla, undersøkja og sette inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har et trygt og godt skulemiljø	9
2.1	Har alle som arbeider på skulen, kunnskap om at det er eleven si subjektive oppleving som avgjer om eleven har eit trygt og godt skulemiljø?.....	9
	Rettslege krav.....	9
	Statsforvaltaren sine observasjonar	10
	Statsforvaltaren sine vurderingar.....	11
	Statsforvaltaren sin konklusjon.....	11
2.2	Sikrar rektor at alle som arbeider på skulen, følgjer med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og at de følgjer spesielt godt med på elevar med ei særskilt sårbarheit?	11
	Rettslege krav.....	11
	Statsforvaltaren sine observasjonar	12
	Statsforvaltaren sine vurderingar	14
	Statsforvaltaren sin konklusjon.....	14
2.3	Sørgjer rektor for at alle som arbeider på skulen, grip inn mot krenkingar som til dømes utestenging, isolering, baksnakking, mobbing, vald, diskriminering og trakkassering, dersom det er mogleg?	14
	Rettslege krav.....	14
	Statsforvaltaren sine observasjonar	15
	Statsforvaltaren sine vurderingar.....	16
	Statsforvaltaren sin konklusjon.....	17
2.4	Sikrar rektor at alle som arbeider på skulen, varslar rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø?	17
	Rettslege krav.....	17
	Statsforvaltaren sine observasjonar	18
	Statsforvaltaren sine vurderingar	19
	Statsforvaltaren sin konklusjon.....	19

2.5 Sikrar rektor at alle som arbeider ved skulen, varslar rektor så raskt som saka tilseier?.....	20
Rettslege krav.....	20
Statsforvaltaren sine observasjonar	20
Statsforvaltaren sine vurderingar.....	20
Statsforvaltaren sin konklusjon.....	20
2.6 Varslar rektor skuleeigaren om alvorlege tilfelle?.....	20
Rettslege krav.....	20
Statsforvaltaren sine observasjonar	21
Statsforvaltaren sin vurderingar	21
Statsforvaltaren sin konklusjon.....	21
2.7 Sikrar rektor at skulen undersøkjer saka når skulen har mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø?.....	21
Rettslege krav.....	21
Statsforvaltaren sine observasjonar	22
Statsforvaltaren sine vurderingar.....	23
Statsforvaltaren sin konklusjon.....	24
2.8 Sikrar rektor at skulen undersøkjer saka snarast?.....	24
Rettslege krav.....	24
Statsforvaltaren sine observasjonar	25
Statsforvaltaren sine vurderingar.....	25
Statsforvaltaren sin konklusjon.....	25
2.9 Sikrar rektor at dei elevar det gjeld får uttale seg om kva som skal være innhaldet i aktivitetsplanen?.....	25
Rettslege krav.....	25
Statsforvaltaren sine observasjonar	26
Statsforvaltaren sine vurderingar.....	26
Statsforvaltaren sin konklusjon.....	27
2.10 Sikrar rektor at skulen set inn eigna tiltak dersom ein elev sin rett til et trygt og godt skolemiljø ikkje er oppfylt?	27
Rettslege krav.....	27
Statsforvaltaren sine observasjonar	28

Statsforvaltaren sine vurderingar.....	28
Statsforvaltaren sin konklusjon.....	29
3 Plikta til å straks varsle, undersøkja og setja inn tiltak dersom ein som arbeider ved skulen, krenkjer ein eller fleire elevar.....	29
3.1 Sikrar rektor at alle som arbeider på skulen, varsler rektor straks dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen, har krenkja ein eller fleire elevar, eller at dei varsler direkte til skuleeigaren dersom mistanken gjeld ein i skuleleiinga?	29
Rettslege krav.....	29
Statsforvaltaren sin observasjonar	30
Statsforvaltaren sine vurderingar.....	31
Statsforvaltaren sin konklusjon.....	31
3.2 Varslar rektor skuleeigaren straks dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen, har krenkja ein eller fleire elevar?	32
Rettslege krav.....	32
Statsforvaltaren sine observasjonar	32
Statsforvaltaren sine vurderingar.....	32
Statsforvaltaren sin konklusjon.....	32
3.3 Sikrar rektor at skulen undersøkjer saka straks ved mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen, har krenkja ein eller fleire elevar?.....	33
Rettslege krav.....	33
Statsforvaltaren sine observasjonar	33
Statsforvaltaren sine vurderingar.....	34
Statsforvaltaren sin konklusjon.....	34
4 Plikta til å gjennomføra, evaluera og tilpassa tiltak	34
4.1 Lagar skulen ein skriftleg plan i tråd med krava i § 9 A-4 sjette ledd når skulen skal setja inn tiltak i ei sak?	34
Rettslege krav.....	34
Statsforvaltaren sine observasjonar	35
Statsforvaltaren sine vurderingar.....	35
Statsforvaltaren sin konklusjon.....	36
4.2 Får eleven og dei føresette som saka gjeld, aktivitetsplanen frå skulen om de ber om den?.....	36

Rettslege krav.....	36
Statsforvaltaren sine observasjonar	36
Statsforvaltaren sine vurderingar.....	36
Statsforvaltaren sin konklusjon.....	37
4.3 Følgjer rektor opp at skulen gjennomfører tiltak i tråd med aktivitetsplanen?... 37	
Rettslege krav.....	37
Statsforvaltaren sine observasjonar	37
Statsforvaltaren sine vurderingar.....	37
Statsforvaltaren sin konklusjon.....	38
4.4 Sikrar rektor at skulen innhentar tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har verka, irekna eleven sitt syn på korleis tiltaka har verka, og kva for endringar eleven ønskjer?	38
Rettslege krav.....	38
Statsforvaltaren sine observasjonar	38
Statsforvaltaren sine vurderingar.....	39
Statsforvaltaren sin konklusjon.....	39
4.5 Sørgjer rektor for at skulen tilpassar tiltaka basert på informasjonen om korleis tiltaka har verka og eleven sitt syn?	39
Rettslege krav.....	39
Statsforvaltaren sine observasjonar	40
Statsforvaltaren sine vurderingar.....	40
Statsforvaltaren sin konklusjon.....	40
4.6 Informerer skulen elevar og føresette om at dei kan melda saka si til Statsforvaltaren dersom dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta?	40
Rettslege krav.....	40
Statsforvaltaren sine observasjonar	41
Statsforvaltaren sine vurderingar.....	41
Statsforvaltaren sin konklusjon.....	41
5 Våre reaksjonar..... 41	
5.1 Pålegg om retting	41
Vi har funne at Lalm skule ikkje overheld regelverket på alle område. Vi pålegg dykk difor å retta opp følgjande forhold, jf. opplæringslova § 14-1 fyrste ledd, jf. kommunelova § 30-4:.....	41

5.2	Oppfølging av pålegg.....	42
6	De har rett til å klaga	42
Ellen Rydjord	Mette Caspersen	43

1 Innleiing

Vi fører tilsyn med offentlege skular, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30.

I tilsyn kontrollerer vi om skulane oppfyller opplæringslova med forskrifter.

Ettersom Vågå kommune og Lalm skule ikkje fullt ut har følgt regelverket, pålegg vi retting.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova vert følgde, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Pålegg om retting vert difor gjeve til kommunen som har ansvaret for at skulen rettar opp brot på regelverket.

Våre tilsyn er offentleg myndigheitsutøving, noko som inneber at vi har gjennomført tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. I tilsyn handsamar vi personopplysningar. Les meir om vår handsaming av personopplysningar på www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/.

1.1 Kort om kommunen

Vågå kommune ligg i Ottadalen i Nord-Gudbrandsdal, i Innlandet fylke. Kommunen har i følje SSB 3570 innbyggjarar pr. 01.01.2020.

I Vågå er det to barneskular, ein ungdomsskule og vidaregåande skule.

Grenda Lalm ligg midt mellom Vågåmo sentrum og Otta. Lalm skule er ein fådelt skule med 50 elevar frå 1.-7. steg. Skulen er samlokalisert med Lalm barnehage.

Kommunen har utarbeida ein «*Handlingsplan mot mobbing og krenkjande åtferd i barnehagane og skulane i Vågå*». Handlingsplanen er utvikla etter at Vågå kommune deltok i utviklingsprosjektet inkluderande læringsmiljø i skule og barnehage i regi av Utdanningsdirektoratet i perioden frå desember 2016 til desember 2018. Av innleiinga i handlingsplanen går det mellom anna fram at det skal vera nulltoleranse mot krenkjande åtferd i Vågå kommune, og at dei ser på samhandling mellom ulike aktørar som viktig for å lukkast i dette arbeidet. Det er òg vist til føresette er lyfta opp som ein viktig partnar i samarbeidet.

Det vart varsle tilsyn med kommunen og skulen med bakgrunn i ei ROS-analyse. Denne risikovurderinga byggjer på informasjon som Statsforvaltaren har frå ulike kjelder.

1.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Statsforvaltaren (då Fylkesmannen) opna tilsyn med Vågå kommune i brev av 02.09.20. Vi har fått sendt over dokumentasjon i fire konkrete 9A-saker skulen har behandla dei siste åra. Vi har òg motteke eigenverderingar i RefLex frå to tilsettegrupper og rektor, med dokumentasjon. På tilsynsdagen, den 02.11.20, hadde vi intervju med ei gruppe elevar, to tilsettegrupper (alle dei tilsette, bortsett frå ein som var sjukmeldt) og rektor. Vi har òg hatt ein samtale med rektor på telefon den 18.11.20 for å få meir informasjon om einstilde spørsmål som har dukka opp undervegs.

Skulen si aktivitetsplikt for å sikra at elevane har eit trygt og godt skulemiljø er tema for tilsynet. Vi har kontrollert følgjande undertema:

- **Kapittel 2**
Plikta til å følgja med og gripa inn, varsla, undersøkja og sette inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova § 9 A-2 og 9 A-3 og 9 A-4.
- **Kapittel 3**
Plikta til å varsla, undersøkje og sette inn tiltak dersom ein som jobbar på skulen, krenker ein eller fleire elevar, jf. opplæringslova §§ 9 A-3, 9 A-4 og 9 A-5.
- **Kapittel 4**
Plikta til å gjennomføra, evaluera og tilpassa tiltak, jf. opplæringslova § 9 A-3, 9 A-4 og 9 A-9 og forvaltningslova § 11.

Føremålet med tilsynet er å kontrollera om Vågå kommune, Lalm skule, oppfyller krava i regelverket når det gjeld skulen si aktivitetsplikt for å sikra at elevane har eit trygt og godt skulemiljø. For å kontrollera dette har vi undersøkt praksis ved Lalm skule. Vi håpar at tilsynet har vore ei støtte for skuleeigar og skuleleiarar i kommunen. Vi håpar vidare at skuleeigar og skuleleiarar vil verta styrka i sitt vidare arbeid med skulemiljø og skulane si aktivitetsplikt, og at tilsynet har bidrege til å gjere regelverket betre kjend og at tilsynet har hatt ein lærингseffekt.

Vi har ikkje sett på korleis de oppfyller andre krav i regelverket. I denne rapporten presenterer vi våre vurderingar og konklusjonar.

1.3 Avklaringar og definisjonar

Med regelverket meiner vi opplæringslova med forskrifter og andre lover og forskrifter som gjeld for skulen innanfor det området vi kontrollerer. Særleg aktuelle er forvaltningslova og barnekonvensjonen.

Verkeområdet for kapittel 9 A er skulen, skulefritidsordninga (SFO) og tilbodet om leksehjelp. I dette tilsynet omhandlar skulemiljø det psykososiale skulemiljøet og ikkje det fysiske skulemiljøet.

At rektor skal sikra at skulen oppfyller eit krav i regelverket, betyr at rektor må ha bestemt ein fast framgangsmåte for korleis skulen skal oppfylle kravet. Dette er naudsynt der regelverket gjev skulen eit handlingsrom for korleis skulen skal oppfylle kravet, slik at skulen sjølv må operasjonalisera korleis den einstilde skal gå frem i kvar einstild sak. Det er ikkje eit krav at framgangsmåten er skriftleg, men den

må være eigna til å sikra at kravet i lova vert oppfylt i alle saker på den aktuelle skulen. Rektor må i tillegg følgja opp at de som arbeider på skulen, bruker framgangsmåten i praksis.

I nokre tilfelle har ikkje skulen eit handlingsrom for korleis skulen skal oppfylle kravet, fordi framgangsmåten er gitt. At rektor skal følgja opp at skulen oppfyller et krav i regelverket, betyr at rektor må forsikra seg om at den gitte framgangsmåten vert oppfylt i praksis på skulen. Eksempel: «Følgjer rektor opp at skulen gjennomfører tiltak i tråd med aktivitetsplanen?». Her følgjer framgangsmåten av aktivitetsplanen, men rektor må følgja opp at skulen gjer det som følgjer av aktivitetsplanen.

At rektor skal sørgja for at et krav vert oppfylt, betyr at oppgåva er av en slik art at det ikkje er naudsynt med ein fast framgangsmåte. Dette kan gjelde mindre oppgåver eller aktivitetar. Eksempel: «Sørgjer rektor for at skulen tilpassar tiltaka basert på informasjonen om korleis tiltaka har verka og eleven sitt syn?» Det kan i tillegg gjelde større oppgåver der det er unaturleg med ein fast framgangsmåte. Eksempel: «Arbeider rektor for at skulen skal praktisere haldningar og verdiar som bidrar til eit inkluderande og trygt skolemiljø?»

Krava om at rektor skal sikra, følgja opp eller sørgja for noko, er alle utslag av rektor si plikt til å arbeide systematisk slik at krava i lova vert oppfylte. Når kontrollspørsmålet ikkje inneheld krav om at rektor skal sikra, følgja opp eller sørgja for noko, betyr det at vi ikkje skal vurdera det systematiske arbeidet til rektor, men aleine vurdera om skulen oppfyller kravet i praksis.

2 Plikta til å følgja med og gripa inn, varsla, undersøkja og sette inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har et trygt og godt skolemiljø

Aktivitetsplikta er beskrive i opplæringslova § 9 A-4.

Rektor har ansvar for at skulen arbeider kontinuerleg og systematisk for å fremme helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at plikta til å følgja med og gripa inn, varsla, undersøkja og sette inn tiltak ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har et trygt og godt skolemiljø vert oppfylt, jf. opplæringslova § 9 A-3.

2.1 Har alle som arbeider på skulen, kunnskap om at det er eleven si subjektive oppleving som avgjer om eleven har eit trygt og godt skolemiljø?

Rettslege krav

Opplæringslova §§ 9 A-2 og 9 A-3 andre ledd.

Alle som arbeider på skulen, skal være merksame på forhold eller åtferd som kan tyde på at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Det er elevane sine eigne subjektive opplevingar av skolemiljøet som er avgjerande.

Vurderingstema:

Alle som arbeider på skulen, må ha eller få kunnskap om at det er elevane si subjektive oppleving av skolemiljøet som avgjer om eleven sin rett til eit trygt og godt skolemiljø er oppfylt eller ikkje. Om eleven sin rett ikkje er oppfylt, trer skulen si aktivitetsplikt inn. Alle som arbeider ved skulen eller som utfører ei teneste er omfatta av kravet om å ha kunnskap om eleven si subjektive oppleving og dei skal få kunnskap om tydinga av eleven si subjektive oppleving. Kven som omfattast av aktivitetsplikta kjem an på ei tolking av ordlyden «alle som arbeider på skulen» i § 9 A-4 fyrste og andre ledd. Jf. Prop. 57 L er alle som oppheld seg på skulen omfatta av aktivitetsplikta, dette vil gjelde til dømes reinhaldarar og vaktmeistare. I brev frå KD av 26.oktober 2017 kjem det frem at eksempelvis helsesyster og tilsette ved PPT er omfatta av aktivitetsplikta

Statsforvaltaren skal under dette kontrollspørsmålet vurdera om skulen oppfyller kravet i praksis.

Statsforvaltaren sine observasjonar

I eigenvurderingane og intervju kjem det fram at dei tilsette veit at det er elevane sine subjektive opplevingar som er avgjerande for om dei har eit trygt og godt skolemiljø. Dei seier at dei har god kontakt med elevane, og at dei ofte spør om korleis dei har det på skulen. Dei ser òg på elevane sitt kroppsspråk og ser etter endringar i dette, og freistar å setja seg inn i eleven sin situasjon.

Dei tilsette svarar i eigenvurderingane at dei har hatt eit stort fokus på dette temaet, særleg dei siste 4-5 åra. For 4-5 år sida hadde dei særskilde møter og heimelekser med dette som tema. Dei seier at dette er eit tema dei får mykje informasjon om på planleggingsdagar og i fellesmøte gjennom heile året. Det er òg tema på foreldremøte og i klasser. Dei tilsette beskriv at dei heile tida arbeider for å skapa gode relasjonar og at dei opplever at elevane har gode rutinar for å gje uttrykk for korleis dei har det, både gjennom elevsamtalar, gruppessamtalar, loggbøker og samtale med helsesyster. Dei tilsette har òg eit stort fokus på å ha ein god relasjon og eit samarbeid mellom skule og heim. Dei føresette er òg lyfta fram som viktige partnarar i kommunen sin «*Handlingsplan mot mobbing og krenkande åtferd i barnehagane og skulane i Vågå*».

Rektor seier i intervju at alle tilsette har vore gjennom dette temaet på skulen, og han har òg gjeve slik informasjon til andre som oppheld seg på skulen regelmessig, som til dømes vaktmeistaren. Han seier han òg gjev slik informasjon til personar som vert tilsette i løpet av skuleåret. Rektor peiker på viktigheita av at alle dei tilsette søker fanga opp korleis elevane har det på skulen, og òg bruke informasjon frå dei føresette.

Av dokumentasjonen går det fram at skulen har ein ljosbiletpresentasjon som dei går gjennom både på planleggingsdagar og på møter med føresette. Av presentasjonen går det fram at det er eleven si eiga subjektive oppfatning som avgjer om miljøet er trygt og godt. Alle dei tilsette er med på planleggingsdagane.

I Vågå kommune sin «*Handlingsplan mot mobbing og krenkande åtferd i barnehagane og skulane i Vågå*» er det beskrive under punkt 2.2 at det er eleven si eiga oppleving av om skolemiljøet er trygt og godt som er avgjerande.

Det går òg fram av «*Rutinar for Lalm skule - §9A regelverk om skudemiljø*» at det er elevane si oppleving av skudemiljøet som skal undersøkast og at det ikkje skal skaffast bevis for eller mot at eleven vert krenkja eller mobba.

Statsforvaltaren sine vurderingar

Statsforvaltaren vurderer ut frå eigenvurderingar og intervju at alle tilsette, både lærarar og barne- og ungdomsarbeidaren ved Lalm skule har ein bevisst kunnskap om at det er elevane sine eigne subjektive opplevingar som er avgjerande for om dei har eit trygt og godt skudemiljø.

I intervjuet med dei tilsette kom det klårt fram at dette er noko dei er godt kjende med. Dei ga fleire døme på korleis dei følgjer med på elevane si oppleving av deira skudemiljø.

Med bakgrunn i det som kjem fram i eigenvurderingar, intervju og skulen sin dokumentasjon meiner Statsforvaltaren det er sannsynleggjort at dei tilsette og andre som oppheld seg regelmessig ved Lalm skule har kunnskap om at det er eleven si subjektive oppleving som er avgjerande for om eleven har eit trygt og godt skudemiljø. Statsforvaltaren vurderer at rektor si jamlege informasjon set dei tilsette og andre som oppheld seg regelmessig på skulen, i stand til å fanga opp om ein elev ikkje opplever å ha eit trygt og godt skudemiljø.

Statsforvaltaren sin konklusjon

Statsforvaltaren sin konklusjon er at alle som arbeider ved skulen har kunnskap om at det er eleven si subjektive oppleving som avgjer om eleven har eit trygt og godt skudemiljø, jf. opplæringslova §§ 9 A-2 og 9 A-3 andre ledd.

2.2 Sikrar rektor at alle som arbeider på skulen, følgjer med på om elevane har eit trygt og godt skudemiljø, og at de følgjer spesielt godt med på elevar med ei særskilt sårbarheit?

Rettslege krav

Opplæringslova §§ 9 A-3 andre ledd og 9 A-4 fyrste og sjuande ledd.

Alle som arbeider på skulen, skal være merksame på forhold eller åtferd som kan tyde på at ein elev ikkje har et trygt og godt skudemiljø. De skal følgja spesielt godt med på sårbare elevar. De må skaffe dykk informasjon frå elevane om korleis de opplever skudemiljøet. Det er elevane si eiga subjektive oppleving av skudemiljøet som er avgjerande. De skal dokumentera korleis de følgjer med. Rektor skal sikra at alle som arbeider på skulen veit at de skal følgja med, og følgja opp at det vert gjort.

Vurderingstema:

Statsforvaltaren skal under dette spørsmålet vurdera rektor si plikt til å arbeide systematisk og

om rektor har ein bestemd framgangsmåte for korleis skulen skal oppfylle kravet om å følgje med. Opplæringslova gjev skulen et handlingsrom for korleis dei skal oppfylle kravet. Skulen må sjølv operasjonalisera korleis den einskilde skal gå fram i kvar einskild sak. Det er ikkje krav om at framgangsmåten skal være skriftleg, men den må være eigna til å sikra at kravet i lova vert oppfylt i alle saker på den aktuelle skulen.

Det er ein del av rektor sitt ansvar gjennom det systematiske arbeidet at dei tilsette har den naudsynte kompetansen til å sjå kva for omstende dei må følgja opp vidare gjennom til dømes undersøkingar. Elevar som ikkje opplever å ha eit trygt og godt skolemiljø kan uttrykkje dette på ulike sett. Rektor må sikra at dei tilsette har kompetanse til å kjenne att desse teikna. Dei må ha kompetanse i å veta kva de skal sjå etter og korleis dei skal følgja med.

Statsforvaltaren sine observasjonar

I eigenvurderingane svarar dei tilsette at dei ikkje har hatt spesifikk opplæring på skulen i å kjenne att teikn på at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø og at det kan hende dei manglar kompetanse på å oppdage nokre av dei små og usynlege teikna. Dei svarar at dei nytter den hjelpa dei kan få frå til dømes skulehelsetenesta, PPT og kollegaer om dei treng støtte, og at dette gjev god tryggleik.

Dei tilsette seier i intervju at dei likevel kjenner alle elevane godt, og at dei ikkje opplever det som vanskeleg å følgja med på elevane, då Lalm skule er ein liten skule med få elevar og tilsette. Dei fortel at dei er tett på i garderober og overgangssituasjonar, og dei har praksis for å følgja alle elevane ut til friminutt. Skulen har nyutarbeida rutinar for inspeksjon og overgangssituasjonar der det går fram korleis dei skal følgja med.

Dei tilsette opplever at dei har god oversikt over elevane og at dei har ein god dialog med elevane og òg mellom lærarane. Dei tilsette seier dei har fokus på å bevisstgjere elevane på at dei skal ha låg terskel for å ta kontakt med dei tilsette. Dei reflekterte i intervjuua kring at teikn på at ein elev ikkje har det bra kan gå i fleire retningar, både ved at dei kan verta meir forsiktige eller meir utagerande, at dei vert utrygge, at dei går for seg sjølve, verkar søkjande eller slit i samspel med andre elevar.

I intervjuet med elevar på skulen svarte dei at dei trur alle dei tilsette veit at dei trivst, og at dei tilsette vil sjå det på dei om dei er lei seg og ikkje har det bra på skulen.

Dei tilsette sa i intervjuat at dei opplever å ha god informasjon om særskilt sårbare elevar på skulen, og at dei veit om dei ulike elevane sine særskilte utfordringar. Dei har strategiar for å følgja særskilt med på disse, både på kort og lang sikt. I intervjuet gjorde dei tilsette refleksjonar kring faktorar som kan gjere ein elev særskilt sårbart, som til dømes stress og bekymringar av ulike slag, ting som skjer i klasserommet, därleg sosial tilpassingsevne eller ulike utfordringar i heimesituasjonen.

Lærarane opplyser at dei gjennomfører minst to elevsamtalar kvart skuleår, og at dei nyttar eit skjema i forkant av utviklingssamtalen der dei vert spurt om skolemiljøet. Dei opplyser at skolemiljø elles er tema i kvardagen, både i klasesituasjon og enkeltvis, og at dei opplever å ha eit godt samarbeid med heimen til elevane og skulehelsetenesta.

Skulen gjennomfører elevundersøking kvart år og brukar òg Spekter som verktøy på mellomtrinnet for å følgja med. Dei tilsette beskriv at det sjeldan kjem overraskingar i slik undersøkingar ettersom dei har god oversikt. Det vert òg opplyst at lærarane brukar elevlogg om elevane har undervisning utanfor klasserommet, noko kontaktlærarane opplever er eit viktig verktøy. Elevane skriv då om deira opplevingar, slik at kontaktlærar vert informert om korleis dei har hatt det.

Rektor opplyste i si eigenvurdering at han tidlegare ikkje har gjeve dei tilsette generell opplæring i kva forhold som kan gjere ein elev særskilt sårbar, men at dei har brukt å gå gjennom enkeltelevar jamleg i personalgruppa. I intervjuet fortalte rektor at dei i oktober, har starta ei slik generell opplæring på skulen. Det har òg vorte kjøpt inn ei bok til dei tilsette som omhandlar handtering av mobbing i skulen.

Rektor har opplyst at vaktmeistaren som tidvis er på skulen, òg har fått informasjon om plikta han har til å følgja med på elevane sitt skulemiljø.

Dei tilsette opplever at rektor har eit stort fokus på kravet til dokumentasjon. Rektor beskriv at nokre brukar minnepenn og nokre brukar loggbok. Dette vert òg bekrefta av dei tilsette i eigenvurderingar og intervju. Dei beskriv at det er noko ulik praksis, der nokon brukar logg/klasselogg, og nokon brukar Skooler, når dei dokumenterer korleis dei følgjer med. Elevsamtalar, elevundersøkingar og Spekter vert òg dokumentert.

Dei tilsette beskriv at dei opplever at det tidvis kan vera vanskeleg å vurdera kva som skal dokumenterast og kva som ikkje treng dokumenterast når det gjeld følgja med-plikta. Dette fordi det hender små og store ting heile tida. Dei fortel at dei har hatt mange drøftingar om dette i personalet og med rektor, og at dei heile tida er i prosess for å finne det rette nivået for når det er naudsynt og føremålstenleg å dokumentera. Det opplever å ha ein god dialog med rektor om dette.

Skulen har i tilsynsperioden utarbeida nye inspeksjonsrutinar som er send Statsforvaltaren. Når det gjeld følgja med-plikta inneheld rutinen seks kulepunkt for kva dei vaksne ved skulen skal gjera:

- *Vera presise til inspeksjon! (Gje kvarandre «hint» ved gløyming)*
- *Ta kontakt med elevane og vise interesse for det dei driv med*
- *Observere samhandling. Gje ros til elevar som samarbeider godt, følgjer reglar og inkluderer.*
- *Setje i gang leik/hjelpe i leik. Motivere/rettleie i leik.*
- *Bruke refleksvest*
- *Hjelpe kvarandre ved behov*

Det er òg beskrive korleis dei skal følgja med i overgangssituasjonar og ved skuleslutt.

Plikta til følgja med er beskrive i Vågå kommune sin «*Handlingsplan mot mobbing og krenkande åferd i barnehagane og skulane i Vågå*» punkt 2.2.1, og i Lalm skule sine eigne «*Rutinar for Lalm skule - §9A regelverk om skulemiljø*».

Statsforvaltaren sine vurderingar

Etter Statsforvaltaren sin vurdering har dei tilsette ved Lalm skule gode rutinar og føresetnader for å følgja godt med på den einskilde elev sitt skolemiljø. Lalm er ein liten skule med 50 elevar og dei tilsette kjenner alle elevane godt. Dei opplever å ha god oversikt over korleis elevane har det i skulekvardagen. Dei elevane vi har snakka med har òg den same opplevinga.

Dei tilsette syner ei god medvit kring kva som kan vera kjenneteikn på at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø og kva forhold som kan gjere ein elev særskilt sårbar. Statsforvaltaren legg til grunn at alle har ei felles oppleving av dette.

Det er Statsforvaltaren si oppleving at dei tilsette følgjer med på elevane sitt skolemiljø, og at dei følgjer særleg godt med på elevar som har ei særskilt sårbarheit. Dette er sikra gjennom informasjon på planleggingsdagar, jamlege møter med gjennomgang av enkeltelevar med ei særskilt sårbarheit, og no òg gjennom ei generell opplæring for alle dei tilsette ved skulen, som nett er satt i gong.

Det er noko ulikt korleis dei tilsette dokumentar når det gjeld plikta til å følgje med.

Statsforvaltaren har eit klårt inntrykk av at dei tilsette noterer det ned når det oppstår situasjonar som bør dokumenterast slik at det kan finnast fram i ettertid. Statsforvaltaren ser at det kan vera ei utfordring å veta kor grensa går for kva som bør dokumenterast og ikkje, men vi har eit klårt inntrykk av det er eit tydeleg medvit kring dette hjå dei tilsette og at dette er eit tema som vert diskutert mellom lærarane og med rektor jamleg.

Statsforvaltaren sin konklusjon

Statsforvaltaren sin konklusjon er at rektor ved Lalm skule sikrar at alle som arbeider ved skulen følgjer med på om elevane har et trygt og godt skolemiljø, og at de følgjer spesielt godt med på elevar med særskilt sårbarheit jf. opplæringslova §§ 9 A-3 andre ledd og 9 A-4 fyrste og sjuanledd.

2.3 Sørgjer rektor for at alle som arbeider på skulen, grip inn mot krenkingar som til dømes utesetning, isolering, baksnakking, mobbing, vald, diskriminering og trakassering, dersom det er mogleg?

Rettslege krav

Opplæringslova §§ 9 A-3 andre ledd og 9 A-4 fyrste og sjuanledd.

Plikta til å gripa inn handlar om raskt å stanse negativ åtferd, til dømes ved å bryte opp ein slåsskamp eller stanse ein utfrysningssituasjon. Alle som arbeider på skulen, skal ha nulltoleranse mot krenkelsar som til dømes utesetning, isolering, baksnakking, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. De

skal dokumentera korleis de grip inn. Rektor skal sørgja for at alle som arbeider ved skulen grip inn mot krenkingar.

Vurderingstema:

Statsforvaltaren skal under dette kontrollspørsmålet vurdera rektors systematiske arbeid. Det er ikkje naudsynt med ein fast framgangsmåte for at rektor skal oppfylle kravet om å «sørgja for».

Gripa-inn-plikta skil seg frå tiltaksplikta ved at handlingane som vert satt i verk startar med ein pågåande situasjon som er meir eller mindre akutt, og der den tilsette må handla med ein gong. Føremålet med gripa-inn-plikta er å stansa negativ åtferd med ein gong. I forarbeida til lova står det mellom anna om gripa-inn-plikta at det er «*svært viktig at rektor, som en del av skulens systematiske arbeid, sørger for at de tilsette kjenner plikta til å gripa inn og at dei har kompetanse om korleis det bør gjerast.*

Det er ikkje sett bestemde formkrav til korleis det skal dokumenterast ut over at det skal skje skriftleg og vera i eit format som kan tas ut til seinare bruk om det er naudsynt. Dette inneber at kva som vert dokumentert og korleis det vert dokumentert må tilpassast kvar einskild skule.

Statsforvaltaren sine observasjonar

Av kommunen sin «*Handlingsplan mot mobbing og krenkande åtferd i barnehagane og skulane i Vågå*» går det mellom anna fram at det skal vera nulltoleranse mot mobbing, og at alle har eit felles ansvar for å gripa inn ved krenkande åtferd.

Dei tilsette har i eigenvurderingar og intervju opplyst at det å gripa inn i hendingar med krenkande åtferd er ein viktig del av arbeidet deira i kvardagen og at dette fell heilt naturleg. I intervju med elevane kom det òg fram at dei opplever at dei vaksne grip inn om noko skjer.

Dei tilsette fortel at dei har ei felles forståing i personalet av at det alltid skal gripast inn når ein ser noko som ikkje er greitt. Alle skal gripa inn uavhengig av kva for elev det gjeld. Korleis dei grip inn kjem an på alvorsgraden og situasjonen dei er i. Dei fortel at dei alltid søker å vera i forkant av situasjonar og freistar løyse situasjonar før det vert naudsynt å gripa inn. Dei tilsette opplever òg at det er ein låg terskel for å ta kontakt med kvarandre om dei treng hjelp, og at rektor òg er fleksibel og hjelper til om det trengs.

Dei tilsette fortel at dei får orientering om plikta til å gripa inn kvart år på planleggingsdagen og i anna møtetid på skulen. Dei opplever at det har vore eit stort fokus på dette dei siste åra. Dei viser òg til skulen sine retningslinjer, som inspeksjonsrutinen, kommunen sin «*Handlingsplan mot mobbing og krenkande åtferd i barnehagane og skulane i Vågå*», og skulen sine eigne «*Rutinar for Lalm skule - §9A regelverk om skulemiljø*».

Fleire av dei tilsette gjev i intervjuet uttrykk for at det kan vera vanskeleg å veta når dei skal dokumentera i 9A-skjema at dei har gripe inn, då dei opplever å gripa inn i smått og stort heile dagen. Dei fortel at dei gjer ei avveging av alvorsgraden, og at meir alvorlege hendingar vert dokumenterte på eige skjema for 9A-saker. Om det skjer mindre alvorlege hendingar over tid, seier dei òg at det er naturleg å dokumentera desse i skjemaet. Om det er mindre enkeltståande hendingar kan desse verta notert i eigen klasselogg eller liknande. Dei tilsette opplever et det er

lett å spørje rektor om ein inngrisen skal dokumenterast på 9A-skjema eller ikkje, om dei er i tvil. Rektor vil då ta ei avgjerd på dette.

Rektor har svart i eigenvurderinga at dokumentasjonen kan variera frå enkel loggføring til jurnalføring i elevmappe, avhengig av alvorsgraden til hendinga.

I kommunen sin «*Handlingsplan mot mobbing og krenkande åtferd i barnehagane og skulane i Vågå*» er plikta til å gripa inn omhandla. Det er under punkt 2.6 beskrive korleis det skal gripast inn ved ulike døme på uønskt åtferd, som konfliktar mellom elevar, krenkande åtferd, diskriminering og rasisme, og ved vald og truslar om vald mellom elevane. Plikta til å gripa inn er òg beskrive i Lalm skule sine eigne «*Rutinar for Lalm skule - §9A regelverk om skolemiljø*».

I den nye inspeksjonsrutinen er det tre kulepunkt som gjeld kva dei vaksne skal gjera når det gjeld å gripa inn:

- *Grip inn i konfliktar! Grip inn med ei positiv haldning og forklar kvifor du stoppar slik åtferd. Det er betre å gripe inn ein gong for mykje enn å la alt passere. Elevane må sjå at vaksne reagerer på negative handlingar og dei skal oppleve at dei blir teke på alvor.*
- *Melde frå om episodar til kontaktlærar og/eller leiinga.*
- *Melde frå til leiing ved uklårt regelverk.*

Statsforvaltaren sine vurderingar

Ut frå svara i eigenvurderingane og i intervju legg Statsforvaltaren til grunn at alle tilsette kjenner til plikta dei har til å gripa inn for å stansa krenkande åtferd.

Statsforvaltaren meiner vidare at det er sannsynleggjort at alle dei tilsette faktisk grip inn dersom dei ser krenkingar det er naudsynt å gripa inn i. Dette er òg i samsvar med oppfatning til dei elevane Statsforvaltaren har snakka med. Lalm skule synes å ha ein låg terskel for å gripa inn, og Statsforvaltaren legg til grunn at dei tilsette har god dialog med rektor når det gjeld kva for nivå dei skal leggje seg på når det gjeld gripa inn-plikta.

Når det gjeld dokumentasjon på inngrisen så har skulen eit eige skjema for dokumentasjon i 9A-saker. Her er det eit punkt som omhandlar om- og korleis det er gripe inn. Slik Statsforvaltaren har forstått det, vert dette skjemaet brukt i litt meir alvorlege saker og i saker der mindre hendingar skjer over noko tid, der dei tilsette i samråd med rektor meiner det er føremålstenleg. I mindre alvorlege saker kan hendinga der det vert gripe inn verta skrive ned i eigen logg og samla opp for mogleg seinare bruk. Slik Statsforvaltaren vurderer det synast dette å vera ei løysing som fungerer godt på skulen.

Slik Statsforvaltaren vurderer det synast dei tilsette å ha ein god dialog med dei rektor om kor grensa for inngrisen ligg og kva for situasjonar det skal gripast inn i. Statsforvaltaren meiner difor at rektor sørger for at det vert gripe inn, og sørger for at dei tilsette har kompetanse på korleis dei skal gripa inn ved ulike hendingar.

Statsforvaltaren sin konklusjon

Statsforvaltaren sin konklusjon er at rektor ved Lalm skule sørger for at alle som arbeider ved skulen grip inn mot krenkingar som til dømes utestenging, isolering, baksnakking, mobbing, vald, diskriminering og trakassering, dersom det er mogleg jf. opplæringslova §§ 9 A-3 andre ledd og 9 A-4 fyrste og sjuande ledd.

2.4 Sikrar rektor at alle som arbeider på skulen, varslar rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø?

Rettslege krav

Opplæringslova §§ 9 A-3 andre ledd og 9 A-4 andre og sjuande ledd.

Plikta til å varsle rektor gjeld all mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Tilsvarande gjeld tilfelle der ein elev seier frå om at han eller ho ikkje opplever skolemiljøet som trygt og godt.

Å ha ein mistanke vil seie å ha ei kjensle av eller tanke om at eleven ikkje har det trygt og godt på skulen.

Rektor skal sikra at alle som arbeider ved skulen veit at dei skal varsle, og følje opp at det vert gjort. De skal dokumentera det de gjer for å varsle.

Vurderingstema:

Statsforvaltaren skal under dette kontrollspørsmålet vurdera rektor sitt systematiske arbeid og om rektor har ein bestemd framgangsmåte for korleis skulen skal oppfylla kravet om varsling. Opplæringslova gjev skulen eit handlingsrom for korleis skulen skal oppfylle kravet. Skulen må sjølv operasjonalisera korleis den einskilde skal gå frem i kvar einskild sak. Det er ikkje noko krav om at framgangsmåten er skriftleg, men den må vera eigna til å sikra at kravet i lova vert oppfylt i alle saker på den aktuelle skulen.

Ved at tilsette skal varsle om *all* mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har et trygt og godt skolemiljø, så vert noko av grunnlaget lagt for at rektor får ei overordna oversikt over korleis elevane har det på skulen. Gjennom varsle skal rektor få eit utgangspunkt for å følgja opp enkeltsaker som igjen kan gje rektor kunnskap om det systematiske arbeidet ved skulen. Gjennom varslar skal rektor få eit heilskapleg bilde av situasjonen ved skulen.

Det følgjer av forarbeida til lova at departementet forutset at leiinga og dei tilsette på den einskilde skule vil finna frem til gode løysingar for korleis varsling skal skje og korleis informasjonen i varslar skal takast vare på.

Statsforvaltaren sine observasjonar

I eigenvurderingane svarar dei tilsette at dei varslar til rektor så fort det let seg gjera om dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Dei opplever at plikta til å varsle er godt innarbeida gjennom det store fokuset dei har hatt på temaet dei siste 3 åra. I intervjuet gjev dei tilsette uttrykk for at det er ein svært låg terskel for å snakka med rektor, og at dei er heldige som har ein så tilgjengeleg rektor, slik at dei får varsla med ein gong noko hender.

Rektor svarar i eigenvurderinga at han opplever at dei tilsette varsler han med ein gong noko skjer. Han beskriv vidare at han er innom kvart team stort sett kvar dag for å høyre korleis dagen går/har gått. I disse samtalane tek dei opp stort og smått, og rektor opplever det som ein effektiv metode for å skaffa seg oversikt over kva som skjer. Han beskriv at dei òg kan ringe til han om han ikkje er til stades. Om det vert fylt ut varslingsskjema medan han ikkje er til stades, skriv rektor at dei tilsette skal ta kontakt slik at han vert informert.

På spørsmål i eigenvurderinga om dei tilsette dokumenterer varsel, svarar både tilsettegruppene at det er rektor som gjer dette. Rektor svarar på det same spørsmålet i eigenvurderinga at varslingsskjema vert fylt ut av rektor saman med den tilsette. Ein annan stad i eigenvurderinga skriv rektor at dei tilsette melder ifrå med varslingsskjema, og at han ber dei tilsette om å fylle ut varslingsskjema om dei varslar munnleg til ham. Rektor svarar i intervju, at om det vert fylt ut eit varslingsskjema medan han ikkje er til stades, så skal den tilsette i tillegg varsla han på telefon eller tekstmelding.

I intervjuet svarar både tilsettegruppene at dei i praksis går til rektor og fortel om hendinga og at det er rektor som avgjer korleis saka skal dokumenterast og følgast opp. Dei seier òg at om rektor ikkje er til stades vil dei fylle ut 9A-skjema. Ei av tilsettegruppene seier òg at det kan varslast om slike saker til rektor i Compilo. Dei viser då til beredskapsplanen og prosedyren for avvikshandtering.

Både dei tilsette og rektor svarar i eigenvurderingsskjemaet at den eleven det gjeld får beskjed om at det vert varsla til rektor og evt. føresette.

Når det gjeld dokumentasjon for varsling har skulen sendt over Vågå kommune sitt 9A-varslingsskjema, som er tilgjengeleg for dei tilsette. Det er sendt over fleire saker der varslingsskjemaet har vorte brukt.

I skulen sine inspeksjonsrutinar går det fram at alle dei vaksne ved skulen skal:

- *Varsla rektor dersom dei ser eller mistenkjer at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Dette skal sikre at rektor får oversikt over korleis elevane har det på skulen og vil vera eit godt utgangspunkt for å følgja opp enkeltsaker.*

Plikta til å varsle er beskrive i Vågå kommune sin «*Handlingsplan mot mobbing og krenkande åtferd i barnehagane og skulane i Vågå*» punkt 2.2.3, og i Lalm skule sine eigne «*Rutinar for Lalm skule - §9A regelverk om skulemiljø*».

Statsforvaltaren sine vurderingar

Statsforvaltaren legg til grunn at dei tilsette ved Lalm skule i praksis har ein svært låg terskel for å varsle til rektor. Statsforvaltaren vurderer difor at kravet til faktisk varsling er oppfylt.

Statsforvaltaren legg òg til grunn at dei elevane det gjeld får beskjed om at rektor blir varsla.

Når det gjeld dokumentasjon av varsle ser Statsforvaltaren av eigenvurderingane og intervjuat at det er ulike svar på kven som har ansvaret for at varsle vert dokumenterte. Både tilsettegruppene svarar i eigenvurderingsskjemaet at det er rektor som dokumenterer. Rektor skriv i si eigenvurdering ein stad at han ber dei tilsette fylle ut varslingsskjema, og ein annan stad at han fyller ut varslingsskjema saman med den tilsette. I intervju vert òg Compilo nemnt som ein måte å varsle på.

For Statsforvaltaren ser det ut til at det systemet skulen har når det gjeld dokumentasjon av varsle ikkje fullt ut sikrar at varsle vert dokumenterte slik dei bør. Statsforvaltaren meiner det er ein potensiell fare for at om situasjonar varar over tid og dei tilsette ikkje opplever at dei sjølv har eit ansvar for å dokumentera det dei opplever, så er det ein risiko for at alvoret i saka kan verta større innan skulen set i gong ein 9A-sak med naudsynte tiltak.

Statsforvaltaren vil i denne samanheng peike på at det i ei sak som er send over, går fram at det er føresette som har varsle om skolemiljøet og at dei føresette meinte dei hadde sagt ifrå om dette tidlegare utan at det har vorte teke tak i. Statsforvaltaren kan ikkje sjå at det i denne saka ligg føre nokon dokumentasjon på at dei tilsette har varsle rektor om at nokon av desse elevane ikkje opplever å ha eit trygt og godt skolemiljø. Vi har merka oss at ikkje alle elevane det gjaldt kjende seg heilt att i beskrivinga i brevet frå dei føresette, men det går likevel fram at skulen gjennom skuleåret allereie hadde satt i gong tiltak med bakgrunn i eigne observasjonar og innspel frå elevar og føresette. Dette tyder på at skulen òg tidlegare hadde kjennskap til at nokre elevar ikkje opplevde å ha eit trygt og godt skolemiljø utan at det føreligg skriftlege varsle på dette frå dei tilsette.

Statsforvaltaren vurderer at det systemet rektor har for å dokumentera varsle ikkje er godt nok eigna til å sikra at kravet i lova vert oppfylt. Bakgrunnen for vurderinga er den konkrete saka, samt at dei tilsette og rektor ikkje synest å ha ei einsarta oppleveling av korleis rutinane for dokumentasjon av varsle er. Det heller ikkje er beskrive korkje i «*Handlingsplan mot mobbing og krenkande åtferd i barnehagane og skulane i Vågå*» eller i skulen sine «*Rutinar for Lalm skule - §9A regelverk om skolemiljø*» kva som vert venta av den einskilde tilsette når det gjeld dokumentasjon av varsle.

Statsforvaltaren sin konklusjon

Statsforvaltaren sin konklusjon er at rektor ved Lalm skule ikkje sikrar at alle som arbeider på skulen, varslar rektor så raskt som saka tilseier dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har et trygt og godt skolemiljø jf. opplæringslova §§ 9 A-3 andre ledd og 9 A-4 andre og sjuande ledd.

2.5 Sikrar rektor at alle som arbeider ved skulen, varslar rektor så raskt som saka tilseier?

Rettslege krav

Opplæringslova §§ 9 A-3 andre ledd og 9 A-4 andre ledd.

Saka bestemmer kor raskt rektor må få varsel ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har et trygt og godt skolemiljø. Rektor skal sikra at alle som arbeider på skulen veit at dei skal varsle så raskt som saka tilseier, og følgja opp at det vert gjort.

Vurderingstema:

Saker etter kapittel 9 A kan ha ulikt innhald og nokre saker er meir tidssensitive enn andre. Nokre saker har ein slik karakter at dei som arbeider på skulen må varsle rektor straks om mistanken eller kjennskapen. Andre saker kan vera av en slik karakter at dei vaksne kan vente noko tid før de varsler til rektor.

Statsforvaltaren sine observasjonar

Både i eigenvurderingane og i intervju er alle dei tilsette klåre på at dei skal varsle rektor med ein gong. Rektor svarar i eigenvurderinga at han opplever at dei tilsette varsler han med ein gong noko skjer. Se òg det som er beskrive under observasjonane i punktet over (2.4).

Statsforvaltaren sine vurderingar

Statsforvaltaren vurderer rektor ved Lalm skule vert varsle svært raskt av dei tilsette om noko skjer på skulen. Det går fram av svara frå dei tilsette at rektor har ei klår forventning om å verta varsle raskt, og Statsforvaltaren legg til grunn at det òg vert følgt opp av dei tilsette.

Statsforvaltaren sin konklusjon

Statsforvaltaren sin konklusjon er at rektor sikrar at alle som arbeider ved skulen varsler rektor så raskt som saka tilseier, jf. opplæringslova §§ 9 A-3 andre ledd og 9 A-4 andre ledd.

2.6 Varslar rektor skuleeigaren om alvorlege tilfelle?

Rettslege krav

Opplæringslova § 9 A-4 andre ledd andre punktum og sjunde ledd.

Rektor skal varsle skuleeigaren om alvorlege tilfelle. Dette kan gjelde saker der krenkingane er særleg valdelege eller integritetskrenkjande, eller der skulen over noko tid ikkje har klart å løyse ei sak.

Vurderingstema:

Føremålet med rektor si varslingsplikt er å gjere skuleeigar kjend med saker slik at skuleeigar kan involvera seg i korleis skulen handterer saka. Skuleeigar kan innføre rutinar for når skulen skal varsla og rutinane kan sette en lågare terskel for når varslingsplikta trer inn enn det regelverket legg opp til.

Statsforvaltaren skal under dette kontrollspørsmålet kontrollera om skulen oppfyller kravet i praksis.

Statsforvaltaren sine observasjonar

Rektor har i eigenvurderingsskjemaet svara at han informerer kommunalsjefen raskt om alvorlege hendingar eller alvorlege saker ved skulen. Han viser òg til at han nyttar kommunalsjefen som støtte i mykje av arbeidet ved skulen og ofte drøfter saker av ulike slag. I intervju fortel rektor at han opplever at det er ein låg terskel for å ta saker opp med skuleeigar på telefon, og at dei òg har månadlege rektormøter, noko som gjev han eit godt kontaktnettverk.

Av dei 9A-sakene som er sende Statsforvaltaren går det fram at kommunalsjefen har delteke på eit møte i samband med ei 9A-sak der fleire elevar var involverte.

Statsforvaltaren sin vurderingar

Slik Statsforvaltaren vurderer det kan det leggjast til grunn at rektor har ein låg terskel for å ta skolemiljøsaker opp med skuleeigar. Statsforvaltaren meiner det er truleg at terskelen ved Lalm skule er lågare enn det som krevst etter lova, noko Statsforvaltaren vurderer er ein styrke sidan rektor er åleine i leiinga ved Lalm skule. Det går òg fram av dokumentasjonen at skuleeigar har vore involvert i minst ei 9A-sak.

Statsforvaltaren sin konklusjon

Statsforvaltaren sin konklusjon er at rektor ved Lalm skule varslar skuleeigaren om alvorlege tilfelle, jf. opplæringslova § 9 A-4 andre ledd andre punktum og sjuande ledd.

2.7 Sikrar rektor at skulen undersøkjer saka når skulen har mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø?

Rettslege krav

Opplæringslova §§ 9 A-3 andre ledd og 9 A-4 tredje og sjuande ledd.

Så snart de får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal de undersøkja saka nærmare.

Alle elevar som er involvert i saka, har rett til å uttale seg. De skal legge til rette og ufarleggjere samtalen. Elevane kan ha med seg foreldra eller andre som støtte, eller få dei til å uttale seg på sine vegner.

Undersøkingane skal få fram fakta om situasjonen, bakgrunnen for eleven si oppleving og kva i eleven sine omgivnader som påverkar korleis eleven opplever skulemiljøet. De må innhente nok informasjon til å avdekke kva som har skjedd, og om éin eller fleire elevar opplever at skulemiljøet ikkje er trygt og godt. De skal dokumentera korleis de undersøkjer saka. Rektor skal sikra at alle som arbeider på skulen veit at de skal undersøkja, og følgja opp at det vert gjort.

Vurderingstema:

Statsforvaltaren skal under dette spørsmålet vurdera om rektor har ein bestemd framgangsmåte for korleis skulen skal oppfylle kravet om å undersøkja saka. Opplæringslova gjev skulen et handlingsrom for korleis de skal oppfylle kravet. Skulen må då sjølv operasjonalisera korleis den einskilde skal gå frem i kvar einskild sak, med mindre rektor undersøkjer sakene sjølv. Det er ikkje noko krav om at framgangsmåten er skriftleg, men den må vera eigna til å sikra at kravet i lova vert oppfylt i alle saker på den aktuelle skulen.

Plikta til å undersøkja saker vart utvida ved innføringa av dei nye reglene i 2017 ved at skulen skal undersøkja *all* mistanke eller kjennskap til at en elev ikkje har et trygt og godt skulemiljø. Undersøkingsplikta er ikkje avgrensa til berre å gjelde tilfelle som til dømes mobbing, diskriminering, vald eller rasisme. Videre er undersøkingsplikta ikkje avgrensa til at årsaka til eleven si oppleving må ha sitt utgangspunkt i forhold som skjer i skuletida og på skulen sitt område.

Statsforvaltaren sine observasjonar

I eigenvurderingar og intervju svarar dei tilsette at skulen gjer mykje for å undersøkja saka når dei opplever at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Dei opplever at rektor sjølv tek eit stort ansvar når det gjeld å sørge for at det vert undersøkt. Dei viser til at samtalar med dei involverte elevane er viktigast i undersøkinga, då det er viktig at elevane opplever at det vert gjort ein ordentleg undersøking, men at dei òg ofte har samtale med dei føresette. Når det gjeld andre metodar for undersøking vert det mellom anna vist til elevundersøkingar, elevsamtalar før utviklingssamtalen, trivelsskjema, og ekstra oppfølging og observasjonar under inspeksjonen i friminutt.

Rektor har i eigenvurderinga svara at dei undersøkjer alle saker der dei mistenkjer eller har kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Dette gjeld både saker der skulen sjølv har mistanke, men òg saker som vert melde av elever eller føresette. I intervju seier rektor at det er hans ansvar å sørge for at tilstrekkelege undersøkingar vert gjort, og at det er han sjølv som koordinerer dette arbeidet. Rektor fortalte at dei er ofte fleire på skulen som er med på å undersøkja, og då gjerne lærarar med god relasjon til dei elevane saka gjeld, men at han òg sjølv kan ha samtalar med elevar og føresette. Rektor beskriv at dei òg brukar andre verktøy som relasjonskartleggingar og Spekter, og at Spekter no ligg i den kommunale planen og kan brukast av dei tilsette spontant ved behov. Om rektor ikkje sjølv er på arbeid når skulen vert kjend med ei sak, er han trygg på andre tilsette vil starte undersøkinga. Rektor opplyser at han steppar inn i

undervisning eller i samtaler ved behov, slik at det vert frigjeve tid til dokumentasjon og oppfølging.

I skulen sin «*Handlingsplan mot mobbing og krenkande åtferd i barnehagane og skulane i Vågå*» punkt 2.6 går det mellom anna fram at dei tilsette ved uønskt åtferd skal skaffa seg overblikk over situasjonen og finne ut kva som går føre seg. Det går vidare fram at kvar av elevane skal få høve til å forklara seg om det som har skjedd, og at ein evt. kan bruka vitne for å skaffe meir informasjon.

Når det gjeld dokumentasjon svarar den eine tilsettegruppa i eigenvurderinga at dei følger varslingsskjemaet for 9A og leverer dokumentasjonen til rektor. Den andre gruppa svarar både ja og nei på om dei dokumenterer, dei svarar at det kan verta dokumentert i ei loggbok om dei pratar med ein elev, men at det òg vert dokumentert av rektor når dei melder frå til han. Rektor svarar i eigenvurderingsskjemaet at dei tilsette leverer dokumentasjon til han etter ei undersøking. Han beskriv vidare at om det kjem fram av ei undersøking at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, så vert det dokumentert kva dei gjer, korleis dei gjer det, og kva dei finn ut, på 9A-varslingsskjemaet av rektor og lagra i arkivet.

i intervjua seier både rektor og dei tilsette at det er rektor som dokumenterer dei undersøkingane som vert gjort. Undersøkingane vert ført inn i 9A-skjemaet dei har på skulen.

I dei 9A-sakene som skulen har sendt over er det dokumentert fleire samtalar rektor har hatt med elevar og føresette. Nokre av samtalane er dokumentert med eige referat frå samtalens, mens andre er dokumentert på 9A-skjemaet med tid for samtalens og ei kort gjengjeving av tema for samtalens.

I ei sak går det fram av varslingsskjemaet at fungerande rektor har hatt ei samtale med kvar av dei involverte elevane. Det går vidare fram at rektor har hatt ei oppfølgingssamtale med alle dei involverte elevane etter nokre veker.

Plikta til å undersøkja er beskrive i Vågå kommune sin «*Handlingsplan mot mobbing og krenkande åtferd i barnehagane og skulane i Vågå*» punkt 2.2.4, og i Lalm skule sine eigne «*Rutinar for Lalm skule - §9A regelverk om skolemiljø*».

Statsforvaltaren sine vurderingar

Det er Statsforvaltaren si vurdering at rektor har eit system for å sikra at saker der elevar opplever å ikkje ha eit trygt og godt skolemiljø, vert undersøkt. Lalm skule er ein liten skule og rektor tek sjølv eit stort ansvar i undersøkingsfasen. Dokumenta viser òg at rektor tek mange av undersøkingssamtalane sjølv. Skulen har òg til dømes jamlege elevundersøkingar, elevsamalter og dei bruker Spekter ved behov.

Statsforvaltaren vurderer vidare at rektor har eit system som sikrar at involverte elevar vert høyrde når saka vert undersøkt.

Når det gjeld dokumentasjon av undersøkingar er det noko ulike svar på kven som gjer dette. Slik det ser ut for Statsforvaltaren meiner dei tilsette at det er rektor som har ansvaret for å

dokumentera det som vert gjort av undersøkingar anten undersøkingane vert gjort av han sjølv eller andre tilsette ved skulen. I tillegg ser det ut til at dei tilsette i noko ulik grad òg dokumenterer sjølv på ein eller annan måte.

Om det er slik at undersøkingar vert dokumenterte både av rektor og av den einskilde tilsette, så er dette for så vidt ikkje noko problem. Problemet vil fyrst dukka opp der undersøkingar ikkje vert dokumenterte fordi ein trur at andre vil gjera det. Statsforvaltaren har med bakgrunn i observasjonane, ikkje haldepunkt for å seie at den ordninga Lalm skule har etablert, ikkje fungerer.

Når det gjeld rektor sin dokumentasjon av undersøkingar som til dømes samtalar med dei føresette, har Statsforvaltaren merka seg at dette i fleire saker vert ført inn nedst på det same 9A-skjemaet som vart nyttå når saka vart varsle. Dette synest å vera ei løysing som fungerer når det ikkje er mange undersøkingar som skal dokumenterast. Ut frå dokumentasjonen ser vi òg at til dømes samtaler med elevar har vorte dokumenterte i eigne dokument

Etter ei totalvurdering vurderer Statsforvaltaren at Lalm skule har ein framgangsmåte for å undersøkja skolemiljsaker som gjer det sannsynleg at skulen får fram fakta og bakrunnen for elevane sine opplevingar og er eigna til å skapa grunnlag for tiltak. Det er rektor som har det overordna ansvaret for å dokumentera og dei tilsette er kjende med framgangsmåten og er involverte i slike undersøkingar.

Statsforvaltaren sin konklusjon

Statsforvaltaren sin konklusjon er at rektor ved Lalm skule sikrar at skulen undersøkjer saka tilstrekkeleg grundig når skulen har mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har et trygt og godt skolemiljø, jf. opplæringslova §§ 9 A-3 andre ledd og 9 A-4 tredje og sjuande ledd.

2.8 Sikrar rektor at skulen undersøkjer saka snarast?

Rettslege krav

Opplæringslova §§ 9 A-3 andre ledd og 9 A-4 tredje ledd.

Så snart de får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har et trygt og godt skolemiljø skal saka undersøkjast nærmare. Rektor skal sikra at alle som arbeider på skulen veit at dei skal undersøkja snarast, og skal følgja opp at det vert gjort.

Vurderingstema:

Saker som gjeld mistanke om eller kjennskap til at elevar ikkje har eit trygt og godt skolemiljø er tidssensitive. Regelverket har difor krav til at saker skal verta undersøkt snarast mogleg.

Undersøkingane etter kapittel 9 A kan òg avdekkje omstende eller forhold kring elevar som skal eller bør følgjast opp av andre instansar åleine eller i samarbeid med skulen.

Statsforvaltaren sine observasjonar

Tilsettegruppene svarar i eigenvurderingar og intervju at dei opplever at saker vert undersøkt så snart som mogleg, og at det i praksis skjer med ein gong. Om ei sak vert opplevd som akutt har det fyrsteprioritet. Dei tilsette opplever at det er klåre retningsliner for dette på skulen.

Rektor seier i intervju at undersøkingar startar same dag, eller dagen etter om det skjer på ettermiddagen.

I skulen sine «*Rutinar for Lalm skule - §9A regelverk om skolemiljø*» går det fram at skulen skal undersøkja saka snarast ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.

I dei sakene som er sende over til Statsforvaltaren går det òg fram at undersøkinga vart satt i gong kort tid etter at saka vart varsla som 9A-sak.

Statsforvaltaren sine vurderingar

Med bakgrunn i svara frå både dei tilsette og rektor, samt framlagde saker og anna dokumentasjon, legg Statsforvaltaren til grunn at skolemiljøsaker ved Lalm skule vert undersøkt så snart som mogleg. I praksis vil dette seie same dag eller dagen etter. Dette er innafor kravet i lova.

Statsforvaltaren sin konklusjon

Statsforvaltaren sin konklusjon er at rektor ved Lalm skule sikrar at skulen undersøkjer saka snarast, jf. opplæringslova §§ 9 A-3 andre ledd og 9 A-4 tredje ledd.

2.9 Sikrar rektor at dei elevar det gjeld får uttale seg om kva som skal være innhaldet i aktivitetsplanen?

Rettslege krav

Opplæringslova §§ 9 A-3 andre ledd og 9 A-4 femte og sjunde ledd.

Ved utarbeidning av aktivitetsplan må de ta stilling til kva som er eleven sitt beste i saka, jf. Barnekonvensjonen art. 3. Dette gjeld òg for andre elevar som er involvert i saka eller vert direkte påverka av tiltaka. Moment i vurderinga kan vera eleven sitt syn på kva som bør være innhaldet i aktivitetsplanen, eleven sin identitet, karaktertrekk og eigenskapar, familiemiljø og nære relasjoner, beskyttelse, omsorg og sikkerheit, sårbarheit eller sårbare situasjonar, eleven sin rett til liv og utvikling, eleven si fysiske og psykiske helse og eleven sin rett til utdanning. Det skal sterke omsyn til for at de kan sette elevanes beste til sides. De må ta stilling til kor stor vekt eleven sitt beste skal ha.

Samla sett skal de gjennomføra dei tiltaka som med rimelegheit kan ventast av dykk i den einskilde saka. De skal dokumentera korleis elevane er høyrd samt korleis elevane sitt beste i saka er ivareteke. Rektor skal sikra at dette vert gjort.

Vurderingstema:

Statsforvaltaren skal under dette spørsmålet vurdera om rektor har ein bestemd framgangsmåte for korleis skulen skal oppfylla kravet om at elevar skal få uttala seg. Opplæringslova gjev skulen eit handlingsrom for korleis dei skal oppfylla kravet. Skulen må då sjølv operasjonalisera korleis den einskilde skal gå frem i kvar einskild sak. Det er ikkje noko krav om at framgangsmåten er skriftleg, men den må vera eigna til å sikra at kravet i lova vert oppfylt i alle saker på den aktuelle skulen.

Statsforvaltaren sine observasjonar

Både dei to tilsettegruppene og rektor svarar i eigenvurderinga at innhaldet i aktivitetsplanen vert utarbeida i samråd med eleven og dei føresette, og at alle involverte elevar vert høyrd.

Rektor seier i intervju at aktivitetsplan vert utarbeida saman med elev og heim. Dei søker å utarbeide aktivitetsplan allereie i fyrste møte for å koma raskt i gong, og då med dato for seinare evaluering. Om andre elevar er involverte, seier rektor at dei òg vert høyrd. Om det gjeld klassetiltak, vil tiltaka verta introdusert for heile klassa.

I ei av sakene som er sende Statsforvaltaren, der det er laga aktivitetsplan som gjeld fleire elevar, går det fram at fungerande rektor har hatt ei samtale med alle dei involverte elevane før utarbeiding av aktivitetsplanen. Det føreligg ikkje referat frå kvar samtale, men det er gjeve ei kort samla beskriving av hovudinntrykket etter samtalene.

Statsforvaltaren sine vurderingar

Etter å ha gått igjennom eigenvurderingane og intervjuia meiner Statsforvaltaren det er sannsynleggjort at elevane ved Lalm vert høyrd når det gjeld kva som skal vera innhaldet i aktivitetsplanen. Statsforvaltaren legg til grunn at rektor og/eller dei tilsette har god dialog med elevane for å få fram deira syn. Statsforvaltaren legg til grunn at det i hovudsak er rektor som har desse samtalane, og slik, sjølv tek ansvar for at elevane si stemme vert høyrd.

Statsforvaltaren saknar at det i malen for aktivitetsplan går klårt fram at eleven sitt syn skal synleggjerast og vurderast. Dette ville vore enda viktigare om ikkje rektor sjølv var den som tok ansvaret for å høyre elevane. Ettersom det ikkje er krav til at skulen skal ha ein skriftleg framgangsmåte og det er rektor sjølv som tek ansvar for å få fram elevane si stemme ved Lalm skule, finn Statsforvaltaren likevel at skulen har eit system som i tilstrekkeleg grad sikrar at elevar det gjeld vert høyrd.

Statsforvaltaren sin konklusjon

Statsforvaltaren sin konklusjon er at rektor ved Lalm skule sikrar at dei elevar det gjeld får uttala seg om kva som skal vera innhaldet i aktivitetsplanen, jf. opplæringslova §§ 9 A-3 andre ledd og 9 A-4 femte og sjuande ledd.

2.10 Sikrar rektor at skulen set inn eigna tiltak dersom ein elev sin rett til et trygt og godt skolemiljø ikkje er oppfylt?

Rettslege krav

Opplæringslova §§ 9 A-3 andre ledd og 9 A-4 fjerde, sjette og sjuande ledd.

Plikta til å setja inn tiltak gjeld uavhengig av kva som er årsaka til at eleven ikkje opplever skolemiljøet som trygt og godt.

De skal velje tiltak ut frå faglege vurderingar av kva som er eigna tiltak. Vurderingane skal basere seg på kunnskap, prinsipp og verdiar som er utvikla og anerkjende av kompetente fagmiljø. De må tilpassa tiltaka til saka og eleven sitt heilskaplege behov.

De må ta stilling til kva som er eleven sitt beste i saka. Dette gjeld òg for andre elevar som er involvert i saka eller vert direkte påverka av tiltaka. Momenta i vurderinga kan vera eleven sitt syn på kva som bør vera innhaldet i aktivitetsplanen, eleven sin identitet og karaktertrekk og eigenskapar, familiemiljø og nære relasjonar, vern, omsorg og tryggleik, sårbarheit eller sårbare situasjonar, eleven sin rett til liv og utvikling, eleven sin fysiske og psykiske helse og eleven sin rett til utdanning. Det skal sterke omsyn til for at de kan setja eleven sitt beste til side. De må ta stilling til kor stor vekt eleven sitt beste skal ha.

Samla sett skal de gjennomföra dei tiltaka som det er rimeleg å vente av dykk i den enkelte saka. Rektor skal sikra at dette vert gjort. De må dokumentera korleis de setter inn eigna tiltak, høyrer involverte elevar og tek omsyn til eleven sitt beste.

Vurderingstema:

Statsforvaltaren skal under dette spørsmålet vurdera om rektor har ein bestemd framgangsmåte for korleis skulen skal oppfylla kravet. Opplæringslova gjev skulen et handlingsrom for korleis de skal oppfylla kravet. Skulen må då sjølv operasjonalisera korleis den einskilde skal gå frem i kvar einskild sak, med mindre rektor set inn tiltak sjølv. Det er ikkje noko krav om at framgangsmåten er skriftleg, men den må vera eigna til å sikra at kravet i lova vert oppfylt i alle saker på den aktuelle skulen.

I forarbeida til lova kjem det fram at behovet for tiltak og kva for tiltak som skal settast inn, må kvile på faglege vurderingar. Dette føreset at dei tilsette har oppdatert og tilstrekkeleg kompetanse om skolemiljø og arbeid mot mobbing og andre krenkingar. Til grunn for godt fagleg skjønn ligg kunnskap, prinsipp og verdiar som er utvikla og anerkjent av kompetente fagmiljø.

Ein overordna premiss for kva som er å rekne som eit eigna tiltak, er at omsynet til eleven sitt beste erekna eleven sitt syn har vore ein del av vurderinga, jf. Grunnlova § 104, barnekonvensjonen art. 3 og 12 og oppl. § 9 A-4 femte ledd. Før skulen tek stilling til kva tiltak som bør setjast inn, må skulen difor vurdere tiltaka i lys av ein eleven sitt beste-vurdering. Denne vurderinga skal synleggjerast.

Statsforvaltaren sine observasjonar

I eigenvurderingane svarar dei tilsette at det alltid vert sett inn tiltak i saker som vert vurderte som 9A-saker, men at det òg kan verta satt inn tiltak i mindre saker som dei ikkje vurderer kjem innunder kapittel 9 A. Det kjem vidare fram at eleven sitt beste alltid er i fokus ved fastsetjing av tiltak, både når det gjeld omfang og karakter.

I intervjuet kom det fram at dei tilsette opplever at dei tiltaka som vert sette inn er eigna og at skulen søker finna tiltak som treff godt i kvar einskild sak. Dei seier dei har eleven sitt beste i fokus heile tida og òg kan bruka barneverntenesta eller helsejukepleiar som konsulent når det gjeld å finna eigna tiltak som er til eleven sitt beste. Rektor seier at dei tiltaka skulen set inn sjølv sagt er vurdert å vera til eleven sitt beste og at dei freistar setja opp synlege faktorar når det gjeld kva som er til eleven sitt beste når dei lagar tiltak.

Skulen har sendt over malen dei brukar når dei skal utarbeida tiltak/aktivitetsplan.

Plikta til å setja i inn eigna tiltak er beskrive i kommunen sin «*Handlingsplan mot mobbing og krenkande åtferd i barnehagane og skulane i Vågå*» punkt 2.2.5 og i skulen sine eigne «*Rutinar Lalm skule - §9A regelverk om skolemiljø*».

Statsforvaltaren sine vurderingar

Statsforvaltaren legg til grunn at skulen set inn tiltak overfor elevar som ikkje opplever å ha eit trygt og godt skolemiljø.

Både rektor og dei tilsette er i intervjuet samstemde i at omsynet til elevane sitt beste alltid er i fokus ved Lalm skule når dei set inn tiltak. Statsforvaltaren er heller ikkje i tvil om at dei tilsette ved Lalm skule freistar finna tiltak som er til eleven eller elevane sitt beste.

Rektor seier i intervju at dei freistar setja opp synlege faktorar når det gjeld vurderinga av eleven sitt beste. Det er likevel vanskeleg å sjå av dei sakene skulen har sendt inn, korleis omsynet til elevane sitt beste er vurdert og vekta ved val av tiltak. Statsforvaltaren ser at dei sakene som er sende inn kanskje ikkje er best eigna til å synleggjere ei individuell eleven sitt beste-vurdering, men Statsforvaltaren meiner likevel at det, til dømes i saka med fleire elevar, i det minste skulle ha vore synleggjort ei samla vurdering av dei involverte elevane sitt beste. Det er òg vanskeleg å sjå kva faglege grunngjevingar som ligg bak tiltaka.

Statsforvaltaren vil understreke viktigheita av at eleven sitt syn og omsynet til eleven sitt beste vert synleggjort ved utarbeiding av aktivitetsplan. Sjølv om det ikkje er krav til ein skriftleg framgangsmåte vil Statsforvaltaren tilrå at eleven sitt syn og omsynet til eleven sitt beste vert

teke inn i malen for aktivitetsplan som ei påminning om at dette skal synleggjera ved utarbeiding av aktivitetsplan.

Statsforvaltaren sin konklusjon

Statsforvaltaren sin konklusjon er at rektor ved Lalm skule ikkje sikrar at skulen set inn eigna tiltak dersom en elev sin rett til eit trygt og godt skulemiljø ikkje er oppfylt, jf. opplæringslova §§ 9 A-3 andre ledd og 9 A-4 fjerde, sjette og sjuande ledd.

3 Plikta til å straks varsle, undersøkja og setja inn tiltak dersom ein som arbeider ved skulen, krenkjer ein eller fleire elevar

Reglane om den skjerpa aktivitetsplikta står i opplæringslova §§ 9 A-4 og 9 A-5.

Rektor har ansvar for at skulen arbeider kontinuerleg og systematisk for å fremme helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at plikta til å straks varsle, undersøkja og setje inn tiltak dersom ein som arbeider ved skulen krenkjer ein eller fleire elevar, vert oppfylt, jf. opplæringslova § 9 A-3.

3.1 Sikrar rektor at alle som arbeider på skulen, varsler rektor straks dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen, har krenkja ein eller fleire elevar, eller at dei varsler direkte til skuleeigaren dersom mistanken gjeld ein i skuleleiinga?

Rettslege krav

Opplæringslova §§ 9 A-3 andre ledd, 9 A-4 andre og sjuande ledd og 9 A-5.

Alle som arbeider på skulen, skal varsle rektor straks, dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen, krenkjer ein eller fleire elevar. Rektor skal varsle skuleeigaren straks. Dersom det er ein tilsett i skuleleiinga som krenkjer elevar, skal skuleeigaren få varsel i staden for rektor.

Kva som er å krenkle, skal de tolke vidt. Det kan vera direkte krenkingar, men òg meir indirekte krenkingar som utestenging, isolering og baksnakking. Korleis elevane opplevde krenkinga, har ikkje noko å seie for plikta til å varsle. Det er tilstrekkeleg med mistanke for at plikta til å varsle trer inn. Å ha ein mistanke vil seie å ha ei kjensle av eller tanke om at ein som jobbar på skulen, krenkjer ein eller fleire elevar.

De skal gi elevane som har vorte krenkte, beskjed om at de kjem til å varsle rektor eller skuleeigaren om saka, med mindre dette hindrar at de kan varsle raskt nok.

Rektor skal sikra at alle som arbeider på skulen veit at dei skal varsle straks, og følgja opp at det vert gjort.

Vurderingstema:

Statsforvaltaren skal under dette kontrollspørsmålet vurdera rektor sitt systematiske arbeid og om rektor har ein bestemd framgangsmåte som sikrar at dei som arbeider ved skulen, varsler rektor eller eventuelt skuleeigaren i slike saker. Om skulen ikkje har hatt ei slik sak, kan Statsforvaltaren ikkje vurdere om rektor følgjer opp at dei som arbeider ved skulen bruker framgangsmåten i praksis. Det må då vurderast om rektor har gjort alle som arbeider ved skulen, kjende med framgangsmåten for slik varsling.

Statsforvaltaren sin observasjonar

Dei tilsette svarar i eigenvurderinga at dei har ein gjennomgang av varslingsrutinar i § 9 A-5-saker ved oppstart av kvart skuleår. I intervju viser alle dei tilsette ei klår medvit om at rektor skal varslast straks i slike saker, og at dei straks skal varsle skuleigar direkte om dei skulle ha mistanke om at rektor har krenkja elevar. Dei seier dei har hatt mange repetisjonar på dette.

Rektor svarar i eigenvurderinga at han har ein gjennomgang av dette temaet med dei tilsette kvar haust før skulestart, samt at han gjev informasjon gjennom skuleåret til nytilsette. Rektor fortalte i intervju at dei òg har gått gjennom ulike tenkte scenario.

Rektor seier at dei tilsette i slike situasjonar skal varsle han munnleg, men at den tilsette òg, i alle slike saker, sjølv skal sende varsel i kvalitetshandteringssystemet Compilo som kritikkverdig forhold. Eit slikt varsel i Compilo går i følgje rektor direkte til skuleigar (kommunalsjefen). Rektor fortel at han òg vil ta kontakt med skuleigar på telefon straks han får munnleg varsel om ei slik hending. Slik får skuleigar både melding frå varslaren direkte og frå rektor. Rektor seier at han opplever dette som ein ekstra tryggleik ettersom han er åleine i leiinga ved skulen.

Når det gjeld måten det skal varslast på i slike saker er det noko ulike svar frå dei tilsette. I eigenvurderingane vert det mellom anna vist til varslingsskjema for 9A-saker som ligg i beredskapspermen og det vert vist til Compilo. Nokre seier at dei ville varsle munnleg til rektor, og skuleigar om det gjaldt rektor, mens nokre seier dei òg ville varsle i Compilo. Fleire av dei tilsette var usikre på om eit varsel i Compilo går til rektor eller direkte til skuleigar. Nokre seier at om dei hadde ringt skuleigar ville dei fått veta korleis det skulle gjerast. Den eine tilsettegruppa var usikre på Compilo som varslingssystem i slike saker, og ga uttrykk for at Compilo i hovudsak vert brukt til dømes i situasjonar der dei tilsette vert utsett for uønskte hendingar frå elevar. Fleire av dei tilsette sa at dei ville slå opp i beredskapspermen skulen har, om det skulle oppstå ein slik situasjon, og at dei då vil finna ut korleis det skal gjerast.

Skulen har i sin dokumentasjon vist til: «*Rutine for varsling av kritikkverdige forhold i Vågå kommune*» og «*Prosedyre avvikshandtering på Lalm skule*».

Statsforvaltaren sine vurderingar

Gjennom svara i eigenvurderingane og i intervju legg Statsforvaltaren til grunn at alle dei tilsette er godt kjende med at dei skal varsle rektor straks om dei har mistanke om at ein tilsett ved skulen krenkjer ein eller fleire elevar. Dei er òg godt kjende med at dei skal varsle skuleeigar direkte om det er rektor som krenkjer.

Når det gjeld varslingsrutinar var det ikkje mange av dei tilsette som hadde praktisk røynsle med dette, så fleire av svara vart gjeve på hypotetisk grunnlag.

Statsforvaltaren sine undersøkingar viser at ikkje alle dei tilsette har ei klår medvit om korleis dei skal varsle i slike saker. Rektor har beskrive ein framgangsmåte, men det ser ikkje ut til at dei tilsette har eit tilstrekkeleg klårt bilde av korleis dei er forventa å varsle. Fleire viste til at dei nok ville finna ei beskriving av nærmere framgangsmåte i skulen sin perm med retningsliner og instruksar.

Statsforvaltaren kan ikkje sjå at prosedyren for varsling i § 9 A-5-saker er omhandla eksplisitt nokon stad i skulen sin dokumentasjon. Statsforvaltaren meiner at kommunen sin «Rutine for varsling av kritikkverdige forhold i Vågå kommune» og skulen sin «Prosedyre for avvikshandtering ved Lalm skule», står fram som lite eigna som retningsliner for varsling i § 9 A-5-saker. Slik Statsforvaltaren vurderer det synest både desse skjemaa å ha eit klårt hovudfokus på HMS-høve, og ikkje § 9 A-5-saker. Det er i kommunen sin «Rutine for varsling av kritikkverdige forhold i Vågå kommune» mellom anna vist til ein arbeidstakar sin rett til å varsle om kritikkverdige forhold, medan varsling i § 9 A-5-saker er ei plikt dei tilsette har. I skulen sin «Prosedyre for avvikshandtering ved Lalm skule» står det mellom anna at det er den som er involvert i hendinga som har ansvar for å registrere avviket i Compiro, noko som ikkje er tilfelle i § 9 A-5-saker. Statsforvaltaren meiner dette er klåre døme på at desse dokumenta åleine er lite eigna til bruk for dei tilsette når det gjeld varsling i § 9 A-5-saker.

Med bakgrunn i at dei tilsette ikkje har ei klår og einsarta formeining om kva framgangsmåte rektor har bestemt for varsling, og dette heller ikkje går fram av den dokumentasjonen dei tilsette har tilgjengeleg, meiner Statsforvaltaren at rektor ikkje i tilstrekkeleg grad har sikra at dei tilsette vil varsle slik dei skal.

Statsforvaltaren sin konklusjon

Statsforvaltaren sin konklusjon er at rektor ved Lalm skule ikkje sikrar at alle som arbeider på skulen, varsler rektor straks dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen, har krenkja ein eller fleire elevar, eller at dei varsler direkte til skuleeigaren dersom mistanken gjeld ein i skuleleiinga, jf. opplæringslova §§ 9 A-3 andre ledd, 9 A-4 andre og sjuande ledd og 9 A-5.

3.2 Varslar rektor skuleeigaren straks dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen, har krenkja ein eller fleire elevar?

Rettslege krav

Opplæringslova §§ 9 A-3 andre ledd og 9 A-5.

Rektor skal varsle skuleeigaren straks dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen, krenkjer ein eller fleire elevar.

Vurderingstema:

Statsforvaltaren skal under dette kontrollspørsmålet vurdera om rektor varsler skuleeigaren straks i tilfelle der det er mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider ved skulen, har krenka ein eller fleire elevar. Formålet med rektor si varslingsplikt er å straks gjere skuleeigar kjend med saker der det er mistanke om eller kjennskap til at tilsette krenkjer elevar, slik at skuleeigar då kan involvera seg i korleis saka skal handterast vidare, då loverket legg opp til at dette er å anse som alvorlege saker. Det er òg viktig at skuleeigar som arbeidsgjevar varetak den eller dei tilsette som er involverte.

Statsforvaltaren sine observasjonar

Rektor har i eigenvurderinga svara at kommunalsjef skal verta involvert i saker der tilsette krenkjer eller er mistenkt for krenking av elevar eller tilsette. Han beskriv at varsling i slike saker skjer i Compilo, og at slikt varsel går direkte til kommunedirektøren. Som det går fram av punkt 3.1 over, vil det òg verta sendt varsel direkte frå varslaren til kommunedirektøren i slike saker.

I ei av sakane som er send Statsforvaltaren kjem det fram at kommunalsjef for barnehage og utdanning har delteke i sakshandsaminga.

Statsforvaltaren sine vurderingar

Slik Statsforvaltaren vurderer det kan det leggjast til grunn at rektor varsler skuleeigar straks dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen har krenkja ein eller fleire elevar.

Statsforvaltaren sin konklusjon

Statsforvaltaren sin konklusjon er at rektor ved Lalm skule varsler skuleeigar straks dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen har krenkja ein eller fleire elevar, jf. opplæringslova §§ 9 A-3 andre ledd og 9 A-5.

3.3 Sikrar rektor at skulen undersøkjer saka straks ved mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen, har krenkja ein eller fleire elevar?

Rettslege krav

Opplæringslova §§ 9 A-3 andre ledd, 9 A-4 tredje og sjuande ledd og 9 A-5.

De må straks undersøkja kva som har skjedd. De skal dokumentera korleis de undersøkjer saka.

Dersom undersøkinga viser at ein som arbeider på skulen, har krenkt elevar, må de straks undersøkja korleis elevane opplevde dette. Dersom det er elevar som ikkje har eit trygt og godt skolemiljø som følgje av krenkingane, må de vurdera kva for tiltak de skal setja inn.

Ein elev som krenkinga direkte rettar seg mot, har rett til å uttala seg. De skal leggje til rette og ufarleggjere samtalet. Eleven kan ha med seg foreldra eller andre som støtte eller få dei til å uttala seg på sine vegner. Dersom krenkinga rettar seg mot ei større gruppe elevar, til dømes ei klasse, kan det vera tilstrekkeleg å snakke med klassa samla eller med ein del av elevane.

Rektor skal sikra at alle som arbeider på skulen veit at dei skal undersøkja saka straks og på ein tilstrekkeleg god måte, og følgja opp at det vert gjort.

Vurderingstema:

Statsforvaltaren skal under dette spørsmålet vurdera om rektor har bestemt ein framgangsmåte som sikrar at skulen undersøkjer alle saker straks, og at det vert gjort tilstrekkeleg grundig. Det må også vurderast om rektor følgjer opp at dei som arbeider ved skulen undersøkjer sakene i samsvar med framgangsmåten, med mindre rektor sjølv undersøkjer sakene. Om skulen ikkje har hatt slike saker, skal Statsforvaltaren vurdera om rektor har gjort det som er naudsynt for at framgangsmåten vert følgt, om skolen får ei slik sak. Plikta til å undersøkja saker vart utvida ved innføringa av dei nye reglane i 2017 ved at skulen skal undersøkja *all* mistanke eller kjennskap til at ein som arbeider ved skulen har krenkja ein eller fleire elevar.

Statsforvaltaren sine observasjonar

Dei tilsette svarar i eigenvurderingar og intervju at det er rektor ved skulen som har ansvaret for å undersøkja i saker der det er mistanke om eller kjennskap til at ein tilsett har krenkja ein eller fleire elevar. Dei veit at rektor òg har eit tett samarbeid med skuleeigar når de gjeld slike undersøkingar. Ingen av dei tilsette har noka røynsle med sjølv å vera med i slike undersøkingar.

Rektor seier at det er skuleeigar som, i tett dialog med han som rektor, tek ansvaret for å følgja opp og gjennomføra nærmare undersøkingar etter at skuleeigar har vorte varsle slike saker. Han svarar i eigenvurderinga at saker vert undersøkte straks, eller så snart det let seg gjera, og at eleven det gjeld og andre involverte elevar alltid vert høyrde om deira side av saka.

Statsforvaltaren sine vurderingar

Statsforvaltaren legg til grunn at det er skuleeigar som saman med rektor tek ansvaret for å følgja opp og gjennomføra undersøkingar i slike saker. De i tilsette har inga rolle i dette etter at dei har varsla til rektor og skuleeigar.

Slik Statsforvaltaren vurderer det, synest dette å vera ei praktisk løysing då det er ein liten skule, og rektor er åleine i leiinga ved skulen. Det heng òg godt saman med at varsla frå dei tilsette skal gå direkte til skuleeigar i Compilo i tillegg til at rektor får munnleg varsle. Slik sett står ordninga fram som ei sikring for at tilstrekkelege undersøkingar vert satt i gong straks sjølv om rektor ikkje skulle vera til stades.

Ein kan ikkje sjå at skulen har skriftlege retningsliner der det går fram korleis og kor raskt undersøkingane skal gjennomførast. Det er heller ikkje noko krav om skriftlegheit. Ettersom det heller ikkje er forventa at dei tilsette ved Lalm skule skal gjennomføra slike undersøkingar, kan ein ikkje sjå at slike retningsliner ville ha nokon stor praktisk verknad.

Slik Statsforvaltaren vurderer det sikrar rektor, gjennom den ordninga skulen har etablert, at saker vert undersøkte straks og på ein tilstrekkeleg god måte.

Statsforvaltaren sin konklusjon

Statsforvaltaren sin konklusjon er at rektor sikrar at skulen undersøkjer saka straks og på ein tilstrekkeleg god måte ved mistanke om at ein som arbeider ved skulen har krenkja ein eller fleire elevar, jf. Opplæringslova §§ 9 A-3 andre ledd, 9 A-4 tredje og sjuande ledd og 9 A-5.

4 Plikta til å gjennomføra, evaluera og tilpassa tiltak

Aktivitetsplikta står i opplæringslova § 9 A-4. Rektor har ansvar for at skulen arbeider kontinuerleg og systematisk for å fremme helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at plikta til å gjennomføra, evaluera og tilpassa tiltak vert oppfylt, jf. opplæringslova § 9 A-3.

4.1 Lagar skulen ein skriftleg plan i tråd med krava i § 9 A-4 sjette ledd når skulen skal setja inn tiltak i ei sak?

Rettslege krav

Opplæringslova § 9 A-4 sjette ledd.

De skal lage ein skriftleg plan som skal ange kva for elev eller elevar planen gjeld, kva for problem tiltaka skal løyse, kva for tiltak de har planlagt, når tiltaka skal gjennomførast, kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka, og når tiltaka skal evaluerast.

Vurderingstema:

Statsforvaltaren skal under dette kontrollspørsmålet undersøkja om skulen lager ein plan i tråd med krava i § 9 A-4 sjette ledd når skulen skal sette inn tiltak i ei sak.

Av forarbeida til lova går det fram at departementet meiner den skriftlege planen som eit minimum må beskriva a) kva problem tiltaka skal løyse b) kva tiltak skulen har planlagt c) kva tid tiltaka skal gjennomførast d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka e) når tiltaka skal evaluerast. Desse punkta utgjer etter departementet sitt syn det som minimum må til for å dokumentera skulens planer for korleis ei bestemd sak skal handterast og sikra ei effektiv gjennomføring av tiltaka. Innholdet kan òg trygge elevane og det føresette om at skulen tek tak i saka. Det er ikkje stilt formkrav til planen utover at den skal vera skriftleg.

Statsforvaltaren sine observasjonar

Dei tilsette svarar i eigenvurderingane at aktivitetsplanar dei utarbeider er skriftlege. Dei vert laga i samråd mellom rektor, kontaktlærar, eleven og heimen. I intervju viser både tilsettegruppene at dei er godt kjende med kva ein aktivitetsplan skal innehalde. Dei viser til malen Lalm skule har for utarbeiding av aktivitetsplan.

Skulen har sendt over malen dei brukar når dei skal utarbeida aktivitetsplan. Malen inneheld følgjande punkt:

- *Hvilke problem tiltaka skal løse*
- *Skolens undersøkelse av saken*
- *Pedagogisk analyse*
- *Skolens møte med foresatte*
- *Planlagte tiltak*
- *Beskrivelse av tiltak*

Under punktet planlagde tiltak er det følgjande rubrikkar:

- *Ansvarlig for gjennomføring av tiltaket,*
- *Tidspunkt for når tiltaket skal gjennomføres*
- *Hvor lenge tiltaket skal vare*
- *Evaluering av tiltak*

Statsforvaltaren har fått oversendt eksempel på at aktivitetsplan har vore skrive.

Statsforvaltaren sine vurderingar

Ut frå dei opplysningane som er gjeve i eigenvurderingane og i intervju legg Statsforvaltaren til grunn at dei tilsette er godt kjende med kva ein aktivitetsplan skal innehalde.

Malen skulen har viser òg at dei har ein skriftleg framgangsmåte for kva som skal med i planen. Malen har fleire punkt enn det som vert krevja.

I ei av sakene som er send over frå skulen er det utarbeida ein aktivitetsplan av 20.12.2019 som inneheld dei punkta lova krev. I ein annan sak er det sendt over ein aktivitetsplan av 02.11.2018. Denne planen er kortfatta og inneheld ikkje dei punkta lova krev. Statsforvaltaren vel likevel å ikkje leggja særleg vekt på dette i denne vurderinga. Det visast for det fyrste til at saka er frå 2018, og vidare at vurderinga i møtet der aktivitetsplanen vart skrive er at eleven det gjaldt sin rett til eit trygt og godt skolemiljø var oppfylt når planen vart skrive.

Statsforvaltaren sin konklusjon

Statsforvaltaren sin konklusjon er at skulen lager en skriftleg plan i tråd med krava i opplæringslova § 9 A-4 når skulen skal sette inn tiltak i ei sak.

4.2 Får eleven og dei føresette som saka gjeld, aktivitetsplanen frå skulen om de ber om den?

Rettslege krav

Opplæringslova § 9 A-4 sjette ledd.

Eleven og dei føresette som saka gjeld, har rett til å få dei delane av planen som gjeld eleven. Om eleven er over 18 år, har ikkje dei føresette rett til å få planen.

Vurderingstema:

Statsforvaltaren skal under dette kontrollspørsmålet undersøkja om eleven og dei føresette som saka gjeld får aktivitetsplanen frå skulen.

Statsforvaltaren sine observasjonar

Dei tilsette og rektor svarar i eigenvurderingane og i intervju at aktivitetsplan rutinemessig vert sendt dei føresette. Det vert òg vist til at dei føresette er med på å utarbeida planen.

Statsforvaltaren sine vurderingar

Statsforvaltaren legg til grunn at føresette til den eleven aktivitetsplanen gjeld, får planen sendt over i alle saker.

Statsforvaltaren registrerer at eleven vert gjort kjend med planen og er med på utarbeidninga, men får ikkje planen tilsend. Statsforvaltaren meiner likevel det er tilstrekkeleg at dei føresette får den tilsend. Lalm skule er ein skule med born i alderen 5 ½ til 13 år. Statsforvaltaren meiner det er naturleg at born i denne alderen i stor vert representerte ved sine føresette og ikkje sjølve vil ha nokon praktisk nytte av å få aktivitetsplanen. I kontrollspørsmål 1.9 konkluderte Statsforvaltaren med at rektor sikrar at elevane får uttala seg om kva som skal vera innhaldet i aktivitetsplanen.

Statsforvaltaren meiner det må vere tilstrekkeleg at dei føresette får planen, og at elevane kan få kjennskap til planen gjennom sine føresette.

Statsforvaltaren sin konklusjon

Statsforvaltaren sin konklusjon er at dei føresette, og elevane gjennom sine føresette, får aktivitetsplanen frå skulen om dei ber om den, jf. opplæringslova § 9 A-4 sjette ledd.

4.3 Følgjer rektor opp at skulen gjennomfører tiltak i tråd med aktivitetsplanen?

Rettslege krav

Opplæringslova §§ 9 A-3 andre ledd og 9 A-4 fjerde og sjuande ledd.

De må gjennomføra alle tiltaka som følgjer av planen. Videre må de dokumentera at de gjennomfører tiltak i tråd med planen.

Vurderingstema:

Statsforvaltaren skal under dette kontrollspørsmålet vurdera om rektor følgjer opp at tiltaka som er angjeve i aktivitetsplanen vert følgt opp.

Statsforvaltaren sine observasjonar

Dei tilsette svarar i eigenvurderingane at dei meiner dei alltid gjer så godt dei kan for å følgja aktivitetsplanar som er laga, og at dei brukar aktivitetsplanane som arbeidsverktøy. Dei seier i intervju at dei opplever at rektor sjølv er sterkt involvert i oppfølginga av tiltaka og at rektor undersøkjer korleis det går ved å snakka med både kontaktlærarar, elevar og føresette.

Rektor svarar i eigenvurderinga at tiltaka alltid skal gjennomførast med mindre det er forhold som tilseier noko anna. Før det vert gjort eventuelle endringar må dette kommuniserast til eleven og heimen. Rektor seier i intervju at han sjølv er med på evalueringsmøte og at innhaldet i desse møta vert dokumentert.

Når det gjeld dokumentasjon seier dei tilsette at dei sjølv i liten grad dokumenterer det som vert gjort. Den eine tilsettegruppa svarar i eigenvurderinga at dei kanskje kunne hatt eit skjema som gjorde det enklare for dei sjølve å dokumentera kva som vert gjort i kvardagen.

Statsforvaltaren sine vurderingar

Med bakgrunn i svara frå både tilsette og rektor legg Statsforvaltaren til grunn at skulen gjennomfører dei tiltaka som går gram av aktivitetsplanen.

Når det gjeld dokumentasjon av gjennomføringa legg Statsforvaltaren til grunn at dette gjerast gjennom referat frå evalueringsmøta. Om skulen bør ha ei ordning der dei tilsette i større grad dokumenterer det som vert gjort frå dei tilsette si side, ønskjer ikkje Statsforvaltaren å ha nokon mening om, då dette må vera opp til skulen å vurdera.

Statsforvaltaren sin konklusjon

Statsforvaltaren sin konklusjon er at rektor følgjer opp at skulen gjennomfører tiltak i tråd med aktivitetsplanen, jf. opplæringslova §§ 9 A-3 andre ledd og 9 A-4 fjerde og sjuande ledd.

4.4 Sikrar rektor at skulen innhentar tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har verka, irekna eleven sitt syn på korleis tiltaka har verka, og kva for endringar eleven ønskjer?

Rettslege krav

Opplæringslova §§ 9 A-3 andre ledd og 9 A-4 fjerde ledd.

For å kunne evaluera tiltaka, må de skaffe dykk tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har verka. Eleven som tiltaka gjeld, har rett til å uttala seg. De skal legge til rette og ufarleggjere samtalens. Eleven kan ha med seg føresette eller andre som støtte, eller få dem til å uttale seg på sine vegne.

Vurderingstema:

Statsforvaltaren skal under dette spørsmålet undersøkja om rektor har ein bestemd framgangsmåte for korleis skulen skal sikra at det alltid vert innhenta tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har verka, irekna eleven sitt syn på korleis tiltaka har verka og kva for endringar eleven ønskjer. Statsforvaltaren skal òg undersøkja om rektor følgjer opp at de som arbeider på skulen bruker framgangsmåten i sakene.

Opplæringslova gjev skulen et handlingsrom for korleis dei skal oppfylla kravet. Skulen må då sjølv operasjonalisera korleis den einskilde skal gå fram i kvar einskild sak. Det er ikkje krav om at framgangsmåten skal være skriftleg, men den må være eigna til å sikra at kravet i lova vert oppfylt i alle saker på den aktuelle skulen.

Statsforvaltaren sine observasjonar

Både dei tilsette og rektor svarar i eigenvurderinga at eleven er med under heile prosessen, og at lærar eller evt. rektor har daglege oppfølgingssamtalar og evalueringar med eleven det gjeld. Dette kjem i tillegg til at tiltaka vert vurderte på dei planlagde evalueringsmøta. Rektor viser til at det å følgje opp elevane er ei viktig del av aktivitetsplikta, og at dette arbeidet skal avklarast i aktivitetsplanen. Rektor peiker òg på viktigeita av at eleven sjølv får velje kven som skal følgje opp. I intervju viser rektor til at dei innhentar informasjon ved å snakka med elevane og dei

føresette samtidig som dei òg gjer observasjonar om korleis det går. Dokumentasjon på den informasjon som er innhenta og dei vurderingar som vert gjort vil gå fram av referat frå evalueringsmøta.

I dei sakene som er sendt Statsforvaltaren går det fram at rektor har hatt samtalar med dei involverte eller deira føresette der dei er spurde om korleis det har gått etter at tiltak vart sett inn.

Skulen si plikt til å følgje opp og evaluera tiltaka er beskrive i «*Rutinar for Lalm skule - §9A regelverk om skulemiljø*».

Statsforvaltaren sine vurderingar

Ut frå svara dei tilsette og rektor har gjeve i eigenvurderingane og i intervju, legg Statsforvaltaren til grunn at rektor har eit system som sikrar at skulen innhentar tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har verka. Statsforvaltaren ser òg, gjennom dei sakene som er sende over, at eleven og dei føresette sitt syn er ein viktig del av den informasjonen som vert innhenta, saman med andre observasjonar dei tilsette gjer.

Statsforvaltaren sin konklusjon

Statsforvaltaren sin konklusjon er at rektor sikrar at skulen hentar inn tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har verka, irekna eleven sitt syn på korleis tiltaka har verka, og kva for endringar elevane ønskjer, jf. opplæringslova §§ 9 A-3 andre ledd og 9 A-4 fjerde ledd.

4.5 Sørgjer rektor for at skulen tilpassar tiltaka basert på informasjonen om korleis tiltaka har verka og eleven sitt syn?

Rettslege krav

Opplæringslova §§ 9 A-3 andre ledd og 9 A-4 fjerde ledd.

For å kunne evaluera tiltaka, må de skaffe dykk tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har verka. Eleven som tiltaka gjeld, har rett til å uttala seg. De skal legge til rette og ufarleggjere samtalen. Eleven kan ha med seg føresette eller andre som støtte, eller få dei til å uttala seg på sine vegne.

De må vurdera korleis tiltaka har verka. De må endre tiltaka eller setja inn nye tiltak dersom eleven framleis opplever å ikkje ha et trygt og godt skulemiljø. Evalueringa kan òg føre til at tiltak som verker vert forlenga. De skal halde fram med å setja inn tiltak så lenge eleven ikkje opplever at skulemiljøet er trygt og godt og det finnes eigna tiltak som skulen kan setja inn.

Vurderingstema:

Statsforvaltaren skal under dette kontrollspørsmålet vurdera rektor sitt systematiske arbeid. Det er ikke naudsynt med ein fast framgangsmåte for at rektor skal oppfylle kravet om å «sørgje for».

Statsforvaltaren sine observasjonar

Dei tilsette svarar i eigenvurderingane og i intervju ingen elev og situasjon er lik, og at tiltaka vert tilpassa og justerte ved behov. Rektor svarar i eigenvurderinga at tilpassingar vert gjort i dei planlagde evalueringsmøta om det viser seg å vera grunnlag for det. Rektor beskriv vidare at tiltak, om det er naudsynt, òg kan tilpassast før, men då etter samråd med elev, tilsett og heimen.

Skulen si plikt til å følgje opp, evaluera og evt. leggja til eller endra tiltak om det er naudsynt er beskrive i «*Rutinar for Lalm skule - §9A regelverk om skolemiljø*».

Statsforvaltaren sine vurderingar

Ut frå svara frå både rektor og dei tilsette, legg Statsforvaltaren til grunn at tiltaka vert tilpassa. Denne vurderinga er basert på korleis dei tilsette opplever at tiltaka har verka, og eleven og dei føresette sitt syn på korleis tiltaka har verka.

Statsforvaltaren sin konklusjon

Statsforvaltaren sin konklusjon er at rektor sørger for at skulen tilpassar tiltaka basert på informasjonen om korleis tiltaka har verka og eleven sitt syn, jf. opplæringslova §§ 9 A-3 andre ledd og 9 A-4 fjerde ledd.

4.6 Informerer skulen elevar og føresette om at dei kan mælda saka si til Statsforvaltaren dersom dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta?

Rettslege krav

Forvaltningslova § 11 og opplæringslova § 9 A-9 første ledd.

De skal informera elevar og føresette om at dei kan mælda saka si til Statsforvaltaren dersom dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta, jf. forvaltningslova § 11 og opplæringslova § 9 A-9 første ledd.

Vurderingstema:

Statsforvaltaren skal under dette kontrollspørsmålet kontrollera om skulen oppfyller kravet i praksis.

Statsforvaltaren sine observasjonar

Både dei tilsette og rektor beskriv i eigenvurderingsskjemaet at det vert gjeve informasjon til dei føresette om moglegheita til å melda sak til Statsforvaltaren. Slik informasjon vert gjeve kvar haust på første foreldremøte og når dei skriv aktivitetsplan i 9A-saker.

Rektor har opplyst at han kan informere elevar som er involverte i 9A-saker om ordninga, men at det ikkje vert gjeve generell informasjon til alle elevar ved skulen om moglegheita for å melda sak til Statsforvaltaren.

I intervju med elevane framkom det at dei veit at dei har rett til eit trygt og godt skulemiljø, men dei var ikkje kjende med at dei kunne melda sak til Statsforvaltaren.

Kopi av ljosbileteframsyninga som vert vist på foreldremøta er send Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren sine vurderingar

Statsforvaltaren legg til grunn at dei føresette kvar haust får informasjon om at dei kan melda saka til Statsforvaltaren dersom dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta.

Når det gjeld elevane, så legg Statsforvaltaren til grunn at dei ikkje vert gjeve informasjon om at dei kan melda sak til Statsforvaltaren, med mindre dei er direkte involverte i ei 9A-sak.

Statsforvaltaren meiner det ikkje er tilstrekkeleg at Lalm skule berre informerer dei føresette om retten til å melda saka til Statsforvaltaren dersom dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta.

Statsforvaltaren sin konklusjon

Statsforvaltaren sin konklusjon er at skulen ikkje informerer elevane om at de kan melda saka si til Statsforvaltaren dersom de meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta, men at skulen informerer dei føresette om dette, jf. forvaltningslova § 11 og opplæringslova § 9 A-9 første ledd.

5 Våre reaksjonar

5.1 Pålegg om retting

Vi har funne at Lalm skule ikkje overheld regelverket på alle område. Vi pålegg dykk difor å retta opp følgjande forhold, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 30-4:

- Kap 2 Plikta til å følgja med og gripa inn, varsla, undersøkja og setja inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har et trygt og godt skulemiljø (punkt 2.4 og 2.10 i rapporten).**

Vågå kommune må sørge for at Lalm skule oppfyller plikta til å varsle og plikta til å setja inn eigna tiltak for å sikra at elevane har eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova

§§ 9 A-3 og 9 A-4 andre, fjerde, femte og sjuande ledd.

Kommunen må sjå til at skulen:

1. etablerer ein framgangsmåte som sikrar at varsel frå dei tilsette vert dokumenterte på ein tilstrekkeleg god måte.
 2. sikrar at det vert dokumentert faglege grunngjevingar for eigna tiltak irekna ei vurdering og avveging av omsynet til eleven sitt beste.
- **Kap 3 Plikta til straks å varsle, undersøkja og setja inn tiltak dersom ein som arbeider ved skulen, krenkjer ein eller fleire elevar (punkt 3.1 i rapporten).**

Vågå kommune må sørge for at Lalm skule oppfyller plikta til å varsle dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen har krenkja ein eller fleire elevar, jf. opplæringslova §§ 9 A-3 andre ledd, 9 A-4 andre og sjuande ledd og 9 A-5.

Kommunen må sjå til at skulen:

3. etablerer ein framgangsmåte som sikrar at alle dei tilsette veit korleis dei konkret skal gå fram for å varsle dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider ved skulen krenkjer ein eller fleire elevar.
- **Kap 4 Plikta til å gjennomføra, evaluera og tilpassa tiltak (punkt 4.6 i rapporten).**

Vågå kommune må sørge for at Lalm skule oppfyller plikta til å informera elevar og dei føresette om at dei kan mælda sak til Statsforvaltaren om de meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta, jf. forvaltningslova § 11 og opplæringslova § 9 A-9 fyrste ledd.

Kommunen må sjå til at skulen:

4. informerer elevane, og ikkje berre dei føresette om at dei kan mælda sak til Statsforvaltaren dersom dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta.

5.2 Oppfølging av pålegga

Det skal utan opphold setjast i verk tiltak for å retta opp brota på regelverket. Når forhalda er retta, skal de erklære at retting er gjennomført og de skal beskriva for korleis de har retta.

Frist for innsending av slik dokumentasjon vert satt til **08.03.2021**. Vi vil ikkje avslutta tilsynet før de gjennom erklæringa og beskrivinga har vist at pålegga er retta.

6 De har rett til å klaga

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b. De har rett til å klaga på vedtaket.

Om de ønskjer å klaga, må det gjerast innan tre veker. Fristen tek til å løpa frå beskjed om brevet har kome fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Klaga skal sendast til Statsforvaltaren. Vi

har då ei moglegheit til å gjer om vedtaket. Om vi ikkje gjer om vedtaket etter klage, vil saka verte sendt til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforme klaga.

De kan be om at vi ikkje set vedtaket i verk før klagefristen er ute, eller klaga er endeleg avgjort av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

Som part i saka har de rett til innsyn i dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 18.

Ellen Rydjord
tilsynsleiar

Mette Caspersen
seniorrådgjevar